



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

TINFOS KULTURMILJØ

NOTODDEN KOMMUNE

FORVALTNINGSPLAN

Utkast desember 2007



**Forvaltingsplanen er utarbeida av
Telemark fylkeskommune 2005-2007**

Prosjektansvarlige:

Otto Christian Dahl, Tove Wefald Pedersen,
Karl Gran, Bjørg Hilde Herfindal

Prosjektleder: Lilly Sævik

Tekst: Lilly Sævik i samråd med
samarbeidsgruppa for Tinfos kulturmiljøfreding,
Riksantikvaren og
landskapsarkitekt Aslaug Norendal

I tillegg til prosjektleder

har samarbeidsgruppa bestått av

Kjell Andresen (Riksantikvaren)

Mette Eggen (Riksantikvaren, hagar/uteareal)

Øyvind Odden (Tinfos AS)

Tor Syverud (Tinfos AS)

Pål Espen Dahlskås (beboarrepresentant)

Kathrine Græsdal (beboarrepresentant)

Runar Lia (beboarrepresentant)

Thomas Konow (NVE)

Dag Norum (NVE)

Janne Væringstad (Notodden kommune)

Harald Sandvik (Notodden kommune)

Vi vil også spesielt takke

Edgar Gundersen og

Hallgrim Høydal

for deira engasjement og informasjon som har
bidratt til å gi innsikt i historia knytt til området.

Flyfoto på omslag: Øyvind Bergestig

Eldre svart/kvitt fotos: Tinfos' arkiv

Fotograf der anna ikkje spesifikt er nevnt:

Lilly Sævik

Grafisk design: Holtskog Nyhuus Design Ans

Trykk: Erik Tanche Nilssen As

INNHALD

FORORD	3	2.2 BUSTADOMRÅDE	25
1. INNLEIING	4	2.2.1 Arbeidarbustadane i Hyttebyen/Kanal- byen mm	27
1.1 OMGREPSAVKLARING	4	2.2.2 Arbeidarbustadane Tinnesgata 49 - 53	29
1.2 FREDINGSdokUMENT OG FORVALTNINGSPLAN.....	4	2.2.3 Arbeidarbustadane Kanalveien 2 - 4 ..	30
1.3 LOKALISERING	5	2.2.4 Funksjonærbustadane Kanalveien 6 - 27	31
1.4 AVGRENSING OG OMFANG	5	2.2.5 Funksjonærbustadar i Kanalveien 33 - 41 og Lienveien 30 - 32	32
1.5 FORMÅL	5	2.2.6 Bustadar i O. H. Holtasgate	32
1.6 MÅL OG UTFORDRINGAR	6	2.2.7 Bustadar i Tinnesgata 39 - 45 og Lienveien 48 - 52, samt Kanalveien 57	32
1.7 HISTORISK BAKGRUNN	7	2.3 INTERIØR, VERNEVERDIAR OG TILSTAND	34
2. STATUSBESKRIVING, VERNEVERDI, TILSTAND ..	11	2.3.1 Interiør i arbeidarbustaden Kanal- veien 49	34
2.1 KRAFT, INDUSTRI- OG NÆRINGS- OMRÅDE	14	2.3.2 Interiør i arbeidarbustaden Kanal- veien 63	34
2.1.1 Kraftstasjonen Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal	18	2.3.3 Interiør i direktørbustad i Kanal- veien 29	35
2.1.2 Tømmerrenna og området ved Kloumannsjøen	21	2.3.4 Funksjonærbustaden Kanalveien 15 ..	35
2.1.3 Fløterbu, uthus og vassverksbygg ved Kloumannsjøen	23	2.4 HAGAR OG UTEAREAL	36
2.1.4 Nye Tinfos 1	24	2.5 TILSTANDSBESKRIVING KULTURMILJØET	39
		2.6 VERNESONENE	40
		2.6.1 Dei ulike vernesonene oppdelt	41

3. TILTAK OG RETNINGS- LINJER	43	5.2 SAKSFØREBUING OG SAKSGANG	67
3.1 UTVIKLING AV OMRÅDE KNYTT TIL VERNESONER	43	5.2.1 <i>Samordna kommunal-, regional- og statleg saksgang</i>	67
3.2 UTVIKLING AV HAGAR OG UTE- AREAL KNYTT TIL FORSKRIFTS- BESTEMMELSANE OG 4 HAGE- DØME	48	5.2.2 <i>Kva ein søknad til fylkeskommunen må innehalde</i>	67
3.3 VEDLIKEHALD	52	5.2.3 <i>Tidsfristar</i>	67
3.3.1 <i>Gode råd og omgrepsavklaringar knytt til vedlikehald</i>	52	5.2.4 <i>Saksgang ved vedtak etter kultur- minnelovas sanksjonsparagrafar §§ 16, 17, 18 og 21</i>	67
3.3.2 <i>Vedlikehald av bygg og tekniske anlegg utvendig</i>	53	5.2.5 <i>Klagesakshandsaming</i>	68
3.3.3 <i>Vedlikehald av bygningar innvendig</i> ..	57	LITTERATURLISTE	69
3.3.4 <i>Vedlikehald av hagar og uteareal</i>	57	UTRYKTE VEDLEGG	70
3.4 PÅLEGG OM SKJØTSEL, UTBETRING OG VEDLIKEHALD ..	59	TRYKTE VEDLEGG	
3.5 TILTAK	60	1 Fotooversikt bygningar og anlegg	
3.6 DISPENSASJON	61	2 Adresseliste over eigarar, adresser, gnr/bnr	
3.7 DOKUMENTASJON	63	3 Historisk bakgrunn av Hallgrim Høydal	
4. TILSKOTSORDNINGAR	65	4 Historie fortalt av Per og Kjell Gundersen	
4.1 STATLEGE TILSKOT TIL FREDA KULTURMINNE	65	5 Historie fortalt av Edgar Gundersen	
4.2 KULTURMINNEFONDET	65	6 Utforming av rekkverk i Hyttebyen/ Kanalbyen	
5. ROLLER, ANSVAR OG SAKSGANG	66	7 Utforming av garasjar	
5.1 ROLLER OG ANSVAR	66	8 Hagedøme 1	
5.1.1 <i>Eigarar og rettighetshavarar</i>	66	9 Hagedøme 2	
5.1.2 <i>Forvaltninga</i>	66	10 Hagedøme 3	
		11 Hagedøme 4	
		12 Kart med vegnavn, bygningstypologi og oversikt ved Kloumannsjøen	
		13 Detaljkart industriområde m.m.	
		14 Detaljkart Hyttebyen/Kanalbyen m.m.	
		15 Kart over området ved Tinfos, med vernesoner	
		16 Kart med foto over tømmerrenna	

Bakgrunnen for kulturmiljøfredinga av Tinfos industri- og bustadområde er «Fredningsplanen for etterreformatoriske kulturminne i Telemark» som blei vedtatt i 1995. Hovudmålsettinga med fredingsplanen var å utarbeide ein representativ oversikt over verdifulle kulturminne og kulturmiljø i fylket. Kulturmiljøfredinga av Tinfos industri- og bustadområde er eit delmål i gjennomføringa av prosjekta som blei forslått freda gjennom fredingsplanen.

Dokumenta for kulturmiljøfredinga av Tinfos er utarbeida som resultat av ein omfattande prosess. Ei samarbeidsgruppe for kulturmiljøfredinga beståande av eigarar og andre partar blei oppretta i desember 2005. Denne gruppa har kome med innspel og synspunkt undervegs og bidrege til å belyse relevante og aktuelle problemstillingar. Det er også halde fleire møter med andre gruppe-ningar, også opne møter der aktuelle problemstillingar er tatt opp til diskusjon.

Både fredingsforskrifta og forvaltningsplanen er utarbeida parallelt noko som ikkje tidlegare er blitt gjort i slike saker. Dette har gjort at prosessen har vore relativt tidkrevjande og omfattande. Gevinsten med å utarbeide både forskrifta og forvaltningsplanen parallelt har vore at lovteksten (forskrifta) i større grad er tilpassa forvaltningsplanen og fleire aktuelle problemstillingar er fanga opp undervegs og forankra i forskrifta. Dette bør gi større forutsigbarhet i forhold til den framtidige forvaltinga av kulturmiljøet.

For mange kan det synes tungvint å måtte for-

halde seg til alle sakshandsamingsprosedyrane for å kunne gjere vanlege tiltak på sin eigedom. Med eit tidsperspektiv der målet er at kulturmiljøet skal bevarast i fleire hundre år er det viktig å definere verdiane som ligg i kulturmiljøet og korleis desse skal takast vare på. Dagens behov, motar og trendar bør ikkje være avgjerande for korleis ettertida skal oppfatte denne delen av historia og vår felles kulturarv. Samstundes som dei autentiske (originale) verdiane skal ivaretakast er det beste vernet at eigedomane blir brukt. For å kunne ha ein sikker kunnskap om kulturminnet over tid er det naudsynt å dokumentera endringane som skjer undervegs, noko forvaltningsplanen omtalar nærare.

Autentisiteten (det opprinnelege) og representativiteten til kulturmiljøet Tinfos er unikt i norsk samanheng. For å ivareta dette er det viktig å ha eit bevisst forhold til dei verdiane som ligg i kulturmiljøet. Den omfattande prosessen og dialogen har bevisstgjort både forvaltinga og eigarar med omsyn til kva verdiar som ligg i området og kva utvikling som er mogleg innanfor ramma av fredingsformålet. Det er viktig at både eigarar og forvaltinga ser dette perspektivet og samarbeider om å ivareta kulturminnet slik at vi kan overlevere det til neste generasjon og vidare generasjonar framover utan at autentisiteten går tapt.

For å kunne lukkast over tid med å ta vare på kulturmiljøet vil det være ein føresetnad at forskrifta og forvaltningsplanen blir fulgt.

1. INNLEIING

Forvaltningsplanen skal brukast av styresmakta på ulike nivå, eigarar, handverkarar og eventuelle framtidige konsulentar og prosjekterande. Fredingsdokumenta inneheld difor mykje informasjon og er relativt komplekse.

For å gjere forvaltningsplanen enklare å orientere seg, i har dokumentet grøn markering i yttermarg der den omhandlar hagar og uteareal.

1.1 OMGREPSAVKLARING

KULTURMILJØ

Omgrepet kulturmiljø er i Kulturminnelova § 2 definert som eit område der kulturminne inngår som del av ei større heilskap eller ein større samanheng. Omgrepet dekkjer både kulturlandskap og bygningsmiljø. Kulturmiljø kan fredast etter § 20 i Kulturminnelova og gir eit vern av eksteriør, anlegg og utomhusareal. Dersom også interiør skal fredast må dette gjerast i tillegg gjennom § 15 i Kulturminnelova.

MILJØ OG OMGIVELSAR

i formålsparagrafen til forskrifta for Tinfos industri- og bustadområde er mange typar anlegg omfatta av omgrepa «industri- og bustadmiljø med omgivelsar». Omgivelsesomgrepet omfattar både landskapsrom, uteareal, hageanlegg, tekniske anlegg, kraftanlegg, industri- og bustadbygg m.m. Omgivelsesomgrepet styrer også bestemmelsane for tilstøytande område til kjerneområdet for fredinga, dette gjeld både bustadhus i Lienveien og Tinnesgata som påverkar kulturmiljøet visuelt og opplevinga av kulturmiljøet.

KULTURMINNELOVA

Gir heimel for fredinga og skrives i dette dokumentet også som *kml*.

FREDINGSFORSKRIFT FOR TINFOS KULTURMILJØ

Fredingsforskrifta med kart er det juridisk bindande dokumentet med bestemmelsar. Fredingsforskrifta blir også omtala som forskrifta i dette dokumentet.

AUTENTISITET

Autentisitet betyr ekthet eller opprinnelighet; det motsette av ein kopi eller ei forfalsking. I tilknytning til verneverdiar kan autentisitet knyttast til originaliteten til eit objekt.

1.2 FREDINGSDOKUMENT OG FORVALTNINGSPLAN

Fredingsdokumenta består av to dokument, det eine er *fredingsforskrifta* og det andre er *forvaltningsplanen* med vedlegg.

FREDINGSFORSKRIFT

Fredingsforskrifta vedtekedato har vedlagt juridisk kart og er datert 12.12.2007. Kartet viser avgrensing for kulturmiljøfredinga etter *kml* § 20 og har avmerka fredingar etter *kml* § 15. Forskrifta inneheld bestemmelsane for kulturmiljøfredinga etter *kml* §20 og bestemmelsar for fredingane etter *kml* § 15. Kulturmiljøfreding etter *kml* § 20 vernar bygg utvendig, anlegg, hagar og alle uteareal. Der det er vurdert naudsynt å gi eit vern av interiør er *kml* § 15 nytta.

FORVALTNINGSPLAN

Forvaltningsplanen har ei rekke vedlegg der dei trykte vedlegga følger det fysiske dokumentet og dei utrykte vedlegga skal finnast i Telemark fylkeskommune sine arkiv og Riksantikvaren sine arkiv.

§ 13 i forskrifta: Det skal utarbeidast forvaltningsplan som skal godkjennast av Riksantikvaren. Forvaltningsplanen er veiledande i den vidare forvaltninga av kulturmiljøet. Forvaltningsplanen kan og bør reviderast når forholda gjer dette naudsynt.

Forvaltningsplanen presiserer og utdjupar forskrifta, samtidig som den inneheld utfyllande opplysningar. Forvaltningsplanen kan ved behov reviderast.

Det er utarbeida ein rapport om Hagar og uteareal datert 11.02.2007, jfr. uttrykt vedlegg A, som beskriv utviklinga av hagane innanfor området og gjev gode råd for den vidare utviklinga. Det er imidlertid forskrifta og forvaltningsplanen som er førande for forvaltninga av hagane. Kap. 2.4, 3.2 og 3.3.4 i forvaltningsplanen beskriv og omtalar korleis hagar og uteareal skal skjøttast. 4 hagedøme er utarbeida som skal gi rammer for utvikling av dei ulike hagane innanfor området.

1.3 LOKALISERING

Kulturmiljøet ligg ved Tinnefossen like nord for Notodden sentrum og følger tømmerrenna fram til Kloumannsjøen, ca 4 kilometer lenger nord og ligg i Notodden kommune. Sjå juridisk kart datert 09.02.2007 vedlagt FORSKRIFT OM FREDING AV TINFOS KULTURMILJØ, NOTODDEN KOMMUNE, TELEMARKE.

1.4 AVGRENSING OG OMFANG

Fredingsområdet består av eit område ved Tinnefossen beståande av industri, kraftverk og bustadområde, i tillegg til eit område 4 km lenger nord med inntak for tømmerrenna og tidlegare inntak til Svelgfoss kraftstasjon, i tillegg til tømmerrenna og grunnen denne står på som binder dei to områda saman. Det blir også freda 5 interiør innanfor området.

Fredingsområdet omfattar fossen, elva, kraftverka, demningar, vassspeil, installasjonar frå

fløtinga og tidligare nåledam under vassspeil, industrianlegg, administrasjonsbygg, direktør-, funksjonær- og arbeidarbustadar, hagar, beplantning, uteområde herunder faste konstruksjonar i terrenget som murar, gjerder, trapper, faste dekke og belegg, plassar, parkar og anna grønstruktur.

For tømmerrenna omfattar fredinga heile tømmerrenna frå Tinfos til Kloumannsjøen og gjeld rennekasse, konstruksjon, 2 hengebruer, 4 tunnelar, tilførselkanal og 2 luker. I tillegg omfattar fredinga grunnen tømmerrenna står på frå Kanalbyen og fram til søndre tunnelinnslag ved den 493 meter lange tunnelen nord i området, med 30 meter til sides for tømmerrenna vinkelrett på tømmerrenna eller til elvebredde. Fredinga omfattar området ved Kloumannsjøen med fløterbu, uthus og vassverksbygg.

Fredinga omfattar også idrettsanlegg med symjehall og friareal, bustadar i Tinnesgata på vestsida av elva og bustadar Lienveien i flukt med Hyttebyen/Kanalbyen nord i området.

Fredinga omfattar heile interiøret i Tinfos 2 med ventilhus, delar av interiør i Kanalveien 29, delar av interiøret i Kanalveien nr 49 og 63 og hallen i Kanalveien nr 15.

Omfanget av fredingsforslaget framgår av kart datert 12.12.2007 (vedlagt forskrifta). For interiøra er omfanget nærare beskreve under §§ 8-12 i forskrifta.

Området dekker eit areal på 505,5 daa inkludert tømmerrenna på 4193 m.

Dei nøyaktige grensene på land skal merkast i marka etter nærare retningslinjer frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

For oversikt over gards- og bruksnummer sjå forskrifta. For adresseliste m.m. sjå vedlagt oversikt, vedlegg 2.

1.5 FORMÅL

§ 2 i forskrifta: Hovudformålet med fredinga er å sikre og bevare eit særeige industri- og bustadmiljø med omgivelsar, som er representativt for industrireisinga på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet i Noreg.

Forholdet mellom naturgrunnlag, næring, samfunnskår og den vidare historiske utviklinga av industri- og bustadområdet utover heile 1900-talet er spesielt synleg i kulturmiljøet og skal takast vare på som kjelde til kunnskap og oppleving for dagens og framtidens generasjonar.

Formålet med freding av interiøra er å sikre eit utval av funksjonar og interiør som er representative for den opprinnelege bruken og det opprinnelege uttrykket.

Fredinga er ikkje til hinder for vidareføring og utvikling av kraftproduksjon for nye Tinfos 1 i tråd med samfunnsutviklinga. Endringar i området skal skje i tråd med området sine kulturhistoriske kvalitetar.

Kulturmiljøfreding etter § 20 gjeld alt utomhus, slik som bygg utvendig, anlegg slik som tømmerrenna, hagar og uteområde elles. Perioden då industrien etablerte seg i området og heilt fram til den blei nedlagt er representert. Utviklinga framover på 1900-talet er tydeleg å sjå samtidig som dei opprinnelege funksjonane og buforholda heilt tilbake til slutten av 1800-talet kan sjåast. Både dei autentiske restane frå etableringsperiodane og utviklinga som har skjedd med bygg og anlegg framover på 1900-talet skal takast vare på. For framtidens generasjonar vil kulturmiljøet gi eit unikt innblikk i denne perioden då industrien vaks fram og til slutt vart nedlagt. Konsekvensar av utviklinga kan sjåast både i industribebyggelsen, kraftverka, den sosiale bustadbygginga, vedlikehald samt opprusting av bygg og anlegg framover århundret.

Formålet med fredinga av enkeltobjekt er å frede eit representativt utval interiør som gir ein forståing av kva funksjonar dei har hatt og korleis det har vore å bu i området. Interiøra dokumenterer eit representativt utval interiør som viser opprinneleg bruk, materiale, uttrykk samt byggemåte. Dei to arbeidarbustadane som fredast viser to ulike konstruksjonsmetodar som er spesielle og representative for byggemåten av husa i Hyttebyen/Kanalbyen.

Kraftproduksjonen ved nye Tinfos 1 skal

kunne vidareførast og utviklast i tråd med samfunnsutviklinga. Endringar skal tilpassast kulturmiljøet. Dagens installasjonar skal i størst mogleg grad ivaretakast også som funksjon ved nye Tinfos 1, men dersom det er naudsynt å nedlegge enkelte funksjonar så som damluker og dagens kraftstasjon, skal likevel formene behaldast som spor etter dagens funksjonar.

1.6 MÅL OG UTFORDRINGAR

Hovudmålsettinga med å utarbeide forvaltningsplan er å følge opp intensjonen i formålet til forskrifta (jfr. § 2 i forskrifta), som i hovudsak er å sikre og bevare det særegne industri- og bustadområdet med omgivelser frå Tinfos til Kloumannsjøen. Kulturminne blir best tatt vare på gjennom bruk, og det er difor viktig å få til ein god balanse mellom vernet og bruken. Både den offentlege forvaltninga, private eigarar og rettighetshavarar bør søke å få til eit godt samarbeid og god dialog i den vidare forvaltninga av kulturmiljøet.

UTFORDRINGAR

- få til effektiv og forutsigbar sakshandsaming for vedlikehald og forvaltning av eigedomane med tilhøyrande tekniske anlegg, samt effektiv dispensasjonshandsaming.
- kunnskapsoverføring mellom eigarar og forvaltninga
- bygge opp tilstrekkelig kvalifisert handverkskompetanse i nærområdet
- avsette tilstrekkelig med ressursar for å ivareta saksmengder og løyse problemstillingar knytt til meirkostnader ved fredinga
- få ei fornuftig balanse mellom bruk og vern av eigedomane då spesielt nærings-, industri- og kraftverkseigedomane
- utfordringar for kulturminne som ikkje lenger har grunnlag for tradisjonell bruk er å få til ein god balanse mellom bevaring og fornuftig bruk av desse

1.7 HISTORISK BAKGRUNN

Fossen, vassdraget og ressursane som låg i dei store skogsområda danna grunnlaget for industriutviklinga ved Tinnefossen på Notodden. Tinfos Papirfabrik og det vi ser restane av i dag blei etablert i siste delen av 1800-talet, men allereie så tidleg som på slutten av 1700-talet blei det ved hjelp av fyrsetting starta sprenging av ein tunnel ved fossen som til slutt stod ferdig i 1807. Denne tunnelen førte vatn via eit inntaksbasseng til ei mølle og seinare eit sagbruk. Men først etter at det lukkast å framstille papir av tremasse på midten av 1800-talet blei det fart på den industrielle utviklinga i området. Det gjekk trått dei første åra, men på 1880-90 talet var tresliperiet, sagbruk, mølle, tørke og ein papirfabrikk driven med vasskraft og området framsto som ein liten industristad.

Det som skjedde her er representativt for industrireisinga knytt til vassdraga frå slutten av 1800-talet og i byrjinga av 1900-talet i Noreg. Dei naturgitte forholda med tilgangen på vatn og

vatnfall, gjorde at elektrisitetsproduksjon var relativt billig og lett tilgjengeleg. Utnytting av tømmerressursen var i sterk vekst. Ny teknisk og økonomisk innsikt, driven av ingeniørar ga seg utslag i stor virkefrang og tiltrakk seg initiativrike investorar. I byrjinga av dette industrieventyret var det dei private som såg moglegheitene som låg i fossefalla, kjøpte opp ressursane og utnytta desse i industrireisinga. Tinnelva var eit viktig vassdrag for kraftutbygging. Det var bl.a. her på Notodden – ved hjelp av elektrisk kraft frå Tinfos – at heile industrieventyret til Hydro starta. Seinare var det i dette vassdraget Hydro først etablerte seg med kraftstasjonar og industri.

Telemarkskanalen frå Skien over Norsjø stod ferdig på 1860-talet og gjorde at varetransport kunne gå via båt til og frå Notodden og ut til kysten og resten av verda, iallefall i sommarhalvåret. Området var ikkje lenger avhengig av tungvint transport over land og industriutviklinga ved Tinnefossen skaut fart og kjøpstaden Notodden vaks fram.



Flyfoto frå ca 1950 – før siste kraftstasjonen og Sagafossdammen blei bygd



Første kraftstasjonen Tinfos 1 ca 1920

Tinfos Træsliperi blei stifta i 1873 og kom i drift i 1875. Bedrifta Tinfos Papirfabrikk blei etablert i 1877. Men allereie i 1894 blei bedrifta lagt ut for sal og kjøpt av 5 forretningsmenn frå Skien. Ein av desse var O.H. Holta som frå byrjinga av stod for den daglige leiinga av bedrifta og seinare blei bedrifta sin første direktør. Holta var fødd i Sauherad, men budde i Skien fram til 1908. Han hadde bl.a. bakgrunn frå Skienvassdragets Fellesfløtningsforening, trelasthandel, ulike bedriftsstyrer og frå politisk arbeide, han spilte ei stor rolle i utviklinga av Notodden til å bli ein sentral industriby i Noreg.

Dei nye eigarane som overtok Tinfos Papirfabrikk i 1894 var profesjonelle forretningsmenn med stor kunnskap om papirproduksjon. Dei starta å modernisere maskinparken og bygde ut området med nye bygningar og funksjonar. Ei mindre tredemning blei erstatta med ein steindam. Denne går i dag under namnet Myrens Dam og er i dag tørrlagt. I 1901 blei den første kraftstasjonen og damanlegget bygd, men kapasiteten var

for liten og allereie i 1904 blei kraftverket påbygd. Behovet for kraft auka raskt, spesielt då Sam Eyde skulle leige kraft til sin første prøvefabrikk som seinare danna grunnlaget for etableringa av Norsk Hydro på Notodden. I 1911 blei Tinfos 2 bygd med 3 nye turbinar og med auka fallhøgde ved anlegget av Holtakanalen. I 1955 blei Sagafossdammen bygd i høgde med Holtakanalen og sør for denne den nye kraftstasjonen Tinfos 1, medan gamle Tinfos 1 blei teke ut av bruk.

Med kraft frå den første kraftstasjonen var det mogleg for Hydro å starte opp med sin prøvefabrikk for kunstgjødsel på Notodden i 1904, før dei bygde sin første kraftstasjon lenger oppe i elva ved Svelgfoss i 1905-1907 og i 1907 starta utbygginga på Rjukan.

Det var typisk for perioden at teknologiske nyvinningar blei gjort, kunnskap blei henta der den fantes og det var gode tider for ingeniørane som blei henta både frå inn- og utland. Industrireisinga og utnyttinga av vassressursane

var basert på internasjonal forskning og utvikling, men ideane bak etableringane av både Tinfos og Norsk Hydro kom frå nordmenn. Tinfos kjøpte sine kraftverksmaskiner og anna utstyr i hovudsak frå Tyskland, og når Holtakanalen blei bygd kom det ingeniørar heilt frå Japan for å studere utbygginga.

Industribygga blei påkosta meir enn det reint funksjonelle. Det rådde optimisme og stor framtidstru og prestisje knytt til dei ressursane som låg i vasskrafta og industrireisninga. Denne optimismen ga seg utslag i at eigarane brukte store ressursar på arkitektoniske kvalitetar i sine industri- og kraftbygg. I byggebeskrivinga til Tinfos 2 blir det fleire gongar understreka at arbeida skal være «Solid, smukt og håndverksmessig». Bedrifta brukte også arkitektar til både arbeidarbustadane, funksjonær- og direktørbustadane.

Utviklinga skaut fart frå byrjinga av 1900-talet og når Hydro sitt industrieventyr starta, utvikla Notodden seg så raskt at det både blei kamp om kvalifisert arbeidskraft og mangel på bustadar. Den sosiale bustadbygginga var naudsynt for å få tilstrekkeleg med stabil arbeidskraft til dette området. Til forskjell frå Hydro brukte Tinfos

mykje lokal arbeidskraft med bakgrunn i husmannsvesenet.

På slutten av 1800-talet var det som i dag er Notodden kommune griskrendte bygder der folk i hovudsak livnærte seg på jordbruk og skogbruk. Husmannsvesenet eksisterte framleis og søner og døtre av husmenn var tilgjengeleg arbeidskraft, i tillegg til folk utanfrå. På 1890 talet var dei første arbeidarbustadane på Tinfos ført opp, men hovudvekta av bustadutbygginga skjedde mellom 1910 og 1920, samt i ein periode rundt 1945-1950.

Bustadbygginga var tydeleg klassedelt, med arbeidarbustadar, funksjonærbustadar og direktørbustad som skilte seg ut i storleik og kvalitet. Hagane i området er tidstypiske og er med på å forsterke karakteren til området og det tydeleg klassedelte samfunnet. I dag høyrer vi historier om kor kalde arbeidarbustadane i Hyttebyen/ Kanalbuen var, som den gang bestod av relativt tynne, uisolerte maskinlafta veggjar og enkle vindauge. På den tida då dei blei oppført var det likevel eit godt tilbod å få seg både jobb og bustad hjå Tinfos.

Området ved Tinfoss var for lite for den kraftkrevjande industrien som fossen ga energi til.



Holtakanal stod ferdig i 1912. Til venstre Sagavossen før oppdemming



Funksjonærbustadane i Kanalveien ca 1920



Arbeidarbustad i Hyttebyen/Kanalbyen ca 1920

Nytt industriområde med både kai og jernbanetilkomst blei anlagt ved Heddalsvatnet både for Norsk Hydro og for Tinfos.*

1987 var industrieventyret på Notodden over for Tinfos sin del. Tinfos sine fabrikkar (tresliperi og jernverk) som blei etablerte ved Heddalsvatnet blei nedlagde.

Ved fossen der industrieventyret starta, blir det framleis produsert kraft både i den gamle kraftstasjonen Tinfos 2 frå 1911 og den nye kraftstasjonen Tinfos 1 som blei oppført i 1955. Her ligg også dei gamle industribygga i murstein som er blitt opprusta og er i god stand og utleigd til ulike kontor og næringsverksemd. Det er 2 galleri innanfor området og lokalitetar blir brukt til konsert-

scener under kulturarrangement som for eksempel Notodden Bluesfestival. Området ved fossen framstår i dag som eit vakkert, velpleid og relativt vitalt område litt tilbaketrekt frå Notodden sentrum. Bustadane som vart oppført står der framleis, men er for det meste overtatt av private eigarar. Bustadområda har i dag gode kvalitetar med lys og luft mellom husa og har i tillegg spektakulær utsikt til vasspeil, kanalar og det vakre gamle industriområdet.

Sjå også vedlegga 3, 4 og 5. For historisk bakgrunn tømmerrenna, sjå side 21. For hagar og uteareal sjå eigen rapport, uttrykt vedlegg A.

* Det kan nevast at Tinfos etablerte ein «Forsøksstasjon» mellom administrasjonsbygget og Tinfos og lukkast i 1910 med å smelte jern ved hjelp av elektrisk kraft. Tinfos etablerte som følge av dette, smelteverket Tinfos Jernverk nede ved Heddalsvatnet. Tinfos Jernverk A/S lever fortsatt i beste velgåande, men har i dag si verksemd i Kvinesdal, og er 100% eigd av Tinfos. Ei anna knoppskyting som følge av kraftproduksjonen var Notodden Calcium-Carbidfabrikk som blei etablert så tidlig som i 1899. Calcium-carbidproduksjonen blei avslutta like etter 2. verdskrig.

Nokre av dei opprinnelige bygningane til Tinfos ved Heddalsvatnet står der fortsatt, men har i dag andre funksjonar. Dei enorme ovnshallane blei revne, men tresliperiet ved Notodden Brygge er ombygd og huser i dag Notodden vidaregåande skule. Blåbygget, som var lokomotivverkstad, elektrisk verkstad og lager for Tinfos Jernverk, er ombygd til kontor for den nye NAV-etaten. Tinfos Jernverks administrasjonsbygg inneheld no Notodden Politistasjon og Øst-Telemark likningskontor. Området ved Heddalsvatn er elles mest prega av Hydro sitt industriområde som i dag også har mista det meste av sine opprinnelege funksjonar. Området ved Heddalsvatnet er ikkje omfatta av fredinga.

2. STATUSBESKRIVING, VERNEVERDI, TILSTAND

Generelle opplysningar om beskriving og dokumentasjon av kulturmiljøet

Vedlagt forvaltningsplanen er ein foto oversikt over alle bygningar og tekniske anlegg vedlegg 1 og foto oversikt over uteareal i utrykt vedlegg B.

Alle bygg og anlegg innanfor området er registrert og dokumentert i eigne skjema. Registreringsskjema for bygningane og dei tekniske anlegga jfr. utrykt vedlegg D.

Registreringsskjema for hagar og uteareal jfr. utrykt vedlegg C.

Det er utarbeida ein rapport om Hagar og Uteareal som definerer særskilte trekk ved hagane og uteareala, jfr. utrykt vedlegg A.

Digitalt fotogalleri oppbevarast hos fylkeskommunen og Riksantikvaren. Dokumentasjon elles er arkivert hos Telemark fylkeskommune og Riksantikvaren.



Oversikt over industriområdet ca 1905



I andre byggeperiode blei kraftstasjonen Tinfos 2 oppført

OVERORDNA BESKRIVNING AV HEILE KULTURMILJØET

På Tinfos er bebyggelsen vi ser i dag i hovudsak oppført i tre periode.

Den første perioden var frå 1873 til 1890. Dei første industri- og næringsbygga blei oppført mellom 1873 og 1888. Industribygga blei oppført i teglstein eller tømmer og var knytt til treforedling og papirproduksjon. Dei første bustadbygga blei oppført ca 1890 i Tinnegata og bestod av fleire bueiningar. Bustadhusa blei oppført i tømmer/tre og eit av dei blei brukt til skulehus. I denne perioden er formspråket enkelt og nøkternt; upussa tegl på fabrikkane og enkel sveitserstil på bustadhusa.

Den andre byggeperioden som er den perioden som kanskje har sett størst spor etter seg er frå ca 1895 til 1920. No blei to kraftverk oppført inkludert Tinfos 2 samt heile Hyttebyen/Kanalbyen og fleire funksjonærbustadar i Kanalveien. Direktørbustaden i Kanalveien 29 blei overtatt av Tinfos i 1924. I 1908 blei «Finnstuerne» – tomannsbustadar – oppført i Kanalveien 2 og 4. Bygningane er blitt meir påkosta og ornamenterte, både sveitserstilen, historismen og nyklassisismen er representert. Første del av tømmerrenna vart bygd frå



Kanalveien 6 med Finnstuerne bakom, oppført 1905

Kloumannsjøen og forbi første kraftstasjonen til Hydro. Seinare vart det bygd anda ei tømmerrenne forbi Lienfoss.

Den tredje byggeperioden var frå etter krigen og fram til ca 1960, då det blei oppført to rekkehus i O. H. Holtasgate og 7 funksjonærbustadar mellom direktørbustaden i nr 29 og Hyttebyen/Kanalbyen.

Kraftstasjonen nye Tinfos 1 med demningar og Sagafossdammen stod ferdig i 1955. Tømmerrenna blei samanbygd frå Kloumannsjøen til Tinfos i 1959. Seinare blei det også oppført to bustadar for eigarane sine familiar som er omtala som direktørbustadar. Ein stor trebygning blei satt

opp som tennishall ein gong i mellomkrigstida. På 1970-talet blei det oppført ein symjehall som også lokalbefolkninga fekk bruke. Aktiviteten knytt til symjehallen utvikla seg og det aktive bedriftsidrettslaget fekk bygd både fotball-, handball- og tennisbane og anlagt ei trimløype. Denne perioden ber tydeleg preg av funksjonalismen.

Bustadhusa har hagar som tidstypiske i forhold til stilperioden til husa. Dei har stor grad av opprinneleg struktur og plantemateriale.

VERNEVERDI HEILE KULTURMILJØET

Tinfos industri- og bustadområde er representativt for industrireisinga som fann stad på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet i tilknytting til vasskraftutbygginga og tømmerressursane i denne delen av Noreg.

Tinfos kulturmiljø er spesielt godt ivaretatt som heilskapleg miljø der den pedagogiske verdien av anlegget som viser utviklinga av industriell verksemd knytt til vass- og tømmerressursen er tydeleg. I tillegg viser den korleis industrieigarar og investorar på den tida tok ansvar både for den

sosiale bustadbygginga og infrastrukturen elles i dei samfunna som blei bygd opp rundt industrien. Det var også stor optimisme og store visjonar knytt til denne industrireisinga som gjenspeglar seg i dei ressursane som blei brukt på dei arkitektoniske kvalitetane både for industribygg og bustadbygg.

Bygningar og anlegg har stor grad av autentisitet. Bygningane har arkitektoniske kvalitetar som er typiske for periodane dei er satt opp i. Dei er representative for denne typen industribygg og viser at det var vilje og evne til å bruke ressursar på moderne og nyskapande arkitektur og materialkvalitetar som igjen gjenspeglar trua på framtida.

Kontrast i samfunnsskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet, der også hagane er nært knytt til stilperioden husa blei bygde i.

Området framstår som relativt lett å lese i forhold til både funksjon og stilutvikling. Det er tydeleg å sjå at det er brukt tidsriktig formgiving opp igjennom heile perioden.



Hyttebyen/Kanalbyen, funkishus i Kanalveien med tømmerrenna og Sagafossdammen framom

2.1 KRAFT, INDUSTRI- OG NÆRINGSOMRÅDE

Industri, næringsbygg, tekniske anlegg, andre anlegg og områdenamn er nummerert i henhold til kart, vedlegg 13 og 14

Nr	Årstall	Tidligere bruk	Noverande bruk	Material
1	1900	Første kraftstasjonen Tinfos 1	Mekanisk verkstad i 1958 – i dag verkstad	Pussa mur med detaljering i teglstein. Fundament i gråsteinsblokker.
2	1898	Andre kontorbygg – det første brann	Keramikkverkstad	Teglstein.
3	ca 1897	Tresliperi	Telemarksgalleriet, kontor for Tinfos m.m.	Opprinneleg tømmerbygg, brann og blei oppført i teglstein.
4	1888	Papirfabrikk	Arkitektkontor, post, møterom	Teglstein. Opprinnelig også sliperi.
5	1906	Staller og bustadar	Garasjer og bustadar	Ombygd i 1951
6	ca 1910	Papirtørke	Kontor	Teglstein.
7	1908	Tinfos Admini	Kontor/administrasjonsbygg	Pussa tegl. Detaljering og ornamentering i rosa granittstein.
8	1908	Garasje	Som før	
9	1911	Andre kraftstasjon; Tinfos 2 – også freda interiørt	Kraftstasjon/museum	Pussa tegl. Detaljering og ornamentering i teglstein og grå granittstein. Skyteskår kledd med kobber. Sjå kap. 2.1.1.
10	1911	Ventilhus for Tinfos 2 – også freda interiørt	Pumpehus/museum	Som Tinfos 2.
11	1937	Transformator	Kontor	Betong, forblenda med skifer.
12	1955	Tredje kraftstasjon; nye Tinfos 1	Kraftstasjon	Mala betong. Typisk funksjonalistisk arkitektur.
13	1992	Kontrollstasjon	Som før	Umala betong.
14		Myrens dam	Kulturarrangement	Naturstein og betong
15		Tomta til den gamle mølla	Fundamentrestar	Naturstein

Nr	Årstall	Tidligere bruk	Noverande bruk	Material
16	1911	Holtakanal	Vassinntak kraftsstasjonen Tinfos 2.	Utgravd i terreng, fylling og kledd med betong.
17	1911	Rørgater Tinfos 2	3 av 4 rørgater er gjenstøpt. 1 fungerer.	Mala jern- og betongrør.
		Første vassinntak Holtakanal	Når Sagafosdammen blei demma opp blei inntaket flytta sørover.	Støpt betong
19		Noverande vassinntak Holtakanalen		Betong med jernport
20		Nyaste demning etter at Sagafossen blei demma opp; Sagafosdammen	Bygd i 1955 med betongplatedam og ny kraftstasjon	Betong, jern, tre
21	1911	Gangbru over Holtakanal	Flytta dit den står i dag 1990.	Stålbru
22		Tømmerrenne	Bygd i fleire omgangar. Den som står der i dag er ferdigstilt i 1959.	Sjå vedlegg 16, E og F og kap. 2.1.2.
25		Opprinnelege Tinnefossen	I dag demningar og kraftstasjon. Ved spesielle driftsmessige høve kan flaumløpa bli åpna slik at den gamle fossen kjem til sin rett.	
ca 1907		Fløterbu – tømmerrenna Kloumannsjøen - Svelgfoss	Fløterbu/hytte som ikkje er i bruk.	Tømmerbygg
ca 1907		Uthus/utedo		Reisverksbygg
ca 1907		Vassverksbygg	ukjent	Tømmerbygg
c a 1907		Inntak Svelgfoss 1	Kulturlandskap med spor av gamalt inntak	Vegetasjon
26	1975 og 1990	Koblingsanlegg Tinnesgata	132 kW koblingsanlegg	Stålstativ/master med straum- førande linjer



Oversikt over det gamle industriområdet slik det framstod i 2005

BESKRIVNING BYGGEÅR, STILPERIODE OG MATERIALE FOR KRAFT-, INDUSTRI- OG NÆRINGSBYGG

Industribygga og dei to første kraftstasjonane er i hovudsak reist i perioden 1880 – 1912. Ei stallbygning blei oppført i 1906, men ombygd i 1951. I tillegg er det ført opp ein kraftstasjon med dam i 1955. Bygningane er i all hovudsak arkitektteikna.



Tilkomst Admini Tinfos 2007

Bygningane som omfattast av fredinga er i hovudsak teglsteinsbygg. Tinfos 2, administrasjonsbygget og den første kraftstasjonsbygningen Tinfos 1 er pussa og mala og har ornamentering og detaljering i stein. Transformatorbygg frå 1937 er oppført i betong og forblenda med skifer. Nye Tinfos 1 frå 1955 er oppført i betong. Stallbygning er oppført i tre og betong. Sjå elles registreringsskjema for kvart enkelt bygg, uttrykt vedlegg D.

Fasadane blei enten pussa og mala eller dei fekk stå som reine mursteinfasadar. Vindauga er for det meste vertikale større flater som er oppdelt i mindre ruter. Fleire av bygningane har ornamentering laga av murstein, enten som relieff i flata eller som skulpturerte og aksentuerte hjørne, gesimsar og gavltoppar. Mursteinsfasadane er ofte markert med relieff av søyle- og buformer i fasadelivet. På Tinfos er det vanleg å bruke granittstein eller murstein i ornamenteringa av bygga. Administrasjonsbygget og kraftstasjonen samt Tinfos 2 er pussa og mala, med påkosta ornamen-



Myrens dam i forgrunnen 2005

tering i stein. Administrasjonsbygningen som blei oppført i 1908 har pussa fasade med utheving av hjørna og parti i fasaden som illustrerer søyler. Søylen aksentuerast med granittblokker i topp og botn. Inngangspartiet har typiske jugenddetaljar både i steinsøyler, ornamentikk og inngangsdør. Eit transformatorbygg ved Tinfos 2 skil seg ut frå resten av bygningane og er oppført i betong med forblending i skifer. Den tidlegare stallbygningen er ombygd og i dag kledd med tømmermannspanel og murdelen pussa og mala. Sjå kap. 2.1.1 for nærare beskriving av Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal.

OVERORDNA BESKRIVING KRAFTVERK

Det har vore bygd tre kraftverk innanfor Tinfosområdet. Den første kraftstasjonen som blei bygd i 1901 blei nedlagt rundt 1955 då det siste kraftverket blei bygd. Då dei første kraftstasjonane blei bygde i Noreg hadde ein ikkje tilstrekkelig forståing for kva potensiale som låg i denne typen produksjon. Det var difor ikkje uvanleg at kraft-

stasjonane blei påbygde og fekk utvida kapasitet relativt raskt. Dette ser vi tydeleg på Tinfos, der første kraftstasjonsbygning blei påbygd allereie i 1904. Seks år etter dette resulterte behovet for ytterligare kraft i utbygginga av Tinfos 2. Tinfos 2 blei supplert med ein ny turbin 15 år seinare som auka produksjonen med kraft nesten 100%. Etter dette var produksjonen stabil inntil ny kraftstasjon erstatta Tinfos 1 i 1955. I dag står framleis alle kraftstasjonane inkludert bygget som husa Tinfos 1, men turbinane er fjerna og lokalet inneheld i dag ein verkstadshall og arkiv.

Kraftverket og dammen (Sagafosdammen) som blei bygd i 1955 erstatta det første kraftverket og Myrens dam.

OVERORDNA BESKRIVING DAMMAR

Dammar blei bygde for å regulere vassmengdene og styra dei ulike vassinntaka. Den første dammen blei bygd i 1843 og bestod av ei tømra tredemning som var plassert på den vestre sida av Tinnefossen. Seinare blei tredemninga erstatta av



Betongplatedam ved nye Tinfos 1 2005

Myrens dam, som var ei større demning oppført i stein. I 1909 starta bygginga av Holtakanalen med jordvoll mot elva og demning i mur ved inn-taket og mot kraftstasjonen. I 1955 stod ny Tinfosdemning i betong, jern og tre ferdig, bygd opp til same nivå som Holtakanalen.

Verneverdi kraft-, industri- næringsbygg og anlegg

Bygningane og anlegga er del av eit heilskapleg industri- og bustadområde med unik og sentral plassering i forhold til industrihistoria i Noreg. Utviklinga av industrien og næring knytt til vasskrafta er tydeleg å sjå i området. Bygningar og anlegg har stor grad av autentisitet. Bygningane har arkitektoniske kvalitetar som er typiske for periodene dei er satt opp i. Dei er representative for denne typen industribygg og viser at det var vilje og evne til å bruke ressursar på moderne og nyskapande arkitektur og materialkvalitetar som igjen gjenspeglar trua på framtida. Utviklinga av industrien og næring knytt til vasskrafta, kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i heile kulturmiljøet.

Området framstår som relativt lett å lese i forhold til både funksjon og stilutvikling. Det er tydeleg å sjå at det er brukt tidsriktig formgiving opp igjennom heile perioden.

Tilstand kraft-, industri- og næringsbygga

Industribebyggelsen og den første kraftverksbygningen er godt bevarte mur- og steinbygningar. Alle tidlegare industribygg, kontorbygg og tidlegare kraftstasjon Tinfos 1 er i god vedlikehaldsstand. Den tidlegare stallbygningen i Stallbakken

1 er i dårleg vedlikehaldsstand. Ein revurderingsrapport og forslag til tiltak skal utarbeidast i løpet av dei næraste månadane for demningar og kraftverk. For Tinfos 2 og nye Tinfos 1 Sjå kap. 2.1.1 og 2.1.2.

Tilstand demningar

Demningane er generelt i god vedlikehaldsstand. Det er registrert alkaliekisel-nedbryting i betongen i damanlegget for nye Tinfos 1. Sagafossdammen er delvis oppført i betong og er i og betongelementa i dammen vil krevje utbetringar i løpet av dei næraste 10-åra som vil kunne innebære total utskifting. Ein revurderingsrapport og forslag til tiltak skal utarbeidast i løpet av dei næraste månadane for demningar og kraftverk. Fyllingsdam på nedsida av Holtakanal vil ha behov for utbetringar og det vil være behov for å fjerne vegetasjon på denne. Den gamle murdemninga/det opprinnelege vassinntaket i byrjinga av Holtakanal er ikkje lenger i bruk og kan stå i fare dersom den ikkje blir vedlikehalde. Myrens Dam er ikkje lenger i bruk som dam, men er i god vedlikehaldsstand.

2.1.1 Kraftstasjonen Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal

BESKRIVING TINFOS 2* MED VENTILHUS OG HOLTAKANAL

Arkitektane for Tinfos 2, Finn Knudsen og Sverre Knudsen, har latt seg inspirere av middelalderborger når dei forma kraftstasjonsbygningen, noko som ikkje var uvanleg på denne tida. Bygget har både tårn og spir og taket har former som indikerer skyteskår.

Kraftstasjonsbygningen og ventilhuset er oppført i teglstein som er pussa og mala rosa. Tak er delvis flatt med sarnafildekke (gummi) med tak-

*Tinfos 2 blei satt i drift i 1912 med 3 aggregat, medan det 4. aggregatet kom i drift i 1926. Turbinen frå 1926 er framleis i drift i dag. Dei resterande turbinane står framleis i turbinhallen, men er ikkje i funksjon. Ventilhus til Tinfos 2 er i bruk for inntak til aggregat 4, dei andre 3 er attstøypt. Holtakanal som i dag er ein fyllingsdam på ca 380 meter, har som funksjon å skaffe driftsvatn til det eine aggregatet som fortsatt er i drift i kraftverket Tinfos 2.



Ventilhus 2005



Kraftstasjonen med ventilhus og transformatorbygg 2005

profilar i kopar. Vindaugeopningar i store vertikale flater eller mindre sirkelforma oppdelt i små-ruter. Bygningselement som murstein, granittstein, kopar brukast i ornamenteringa av bygning- en i tillegg til relieff over den store porten i nord.

Uteområdet er omkransa med brukte slipe- steinar både i granitt og støypte frå det gamle tre- sliperiet. Det er bygd ein parkeringsplass der den

gamle «Forsøk-stasjonen» tidligare stod. Seinare blei tomte nytta til lagerskur og lagringsplass for tremateriale for sagbruket. Området er elles park- messig behandla.

Interiøra til Tinfos 2 med ventilhus

Tinfos 2 består av to separate bygg, der det eine er sjølv kraftstasjonsbygningen med turbinhall som har vakre og dekorerte interiør. Det andre er ventilhus med to rom beståande av ubehandla murveggar utan dekor men med fleire originale installasjonar.

I sjølv kraftstasjonsbygningen er turbinhallen sentralt plassert og går over heile høgda til byg- get. På nordsida ligg eit trappehus med verkstad. Her er også utsynsbalkong som går under om- grepet persongalleri og i øverste høgda eit kontor. I sørenden av bygget var det gamle kontrollromet, ei garderobe og WC. I to høgder over denne delen fantes to store høgspenstrom/koblingsrom/instru- menteringsrom og over desse eit tårnrom som har blitt brukt som lager. Desse roma er i dag tome. I



Baderom med utsyn over elva

denne delen i 2. høgda finnes også eit vakkert baderom med flislagt badekar med trapp nedfelt i golv. Baderomet har eit stort vindauge med utsyn over elva.

Sjølve kraftstasjonsbygningen har flotte detaljar i interiør, både fargesetting, steinornamentering, relieff, dekormaling og flislegging. Den staselege balkongen med utsyn over turbinhallen er dekorert med relieff, dekormaling og gelender med lyndekor i smijern. Gelender i trapperom har også lyndekor. Veggjar spesielt rundt dører er dekormalt i mønster som illustrerer skyteskår. Nedste del av vegg i turbinhall har glansa blå fliser og rundt klokka over området der tidlegare kontrollpanel stod er dekorfelt i akantusranker/bruskbarokk. Golv er enten flislagde eller er mala betonggolv.

Interiøra har stor grad av autentisitet som f.eks. skap, hyller, arbeidsbenkar, lysarmatur, badekar, vaskar og toalett. Turbinhallen har alle opprinnelege turbinar intakte, men berre ein av turbinane er i bruk.

Sjølve kraftstasjonsbygget er svært lite endra, den største endringa er at styringssentralen og

installasjonar i høgspenstroma i sørenden av bygget er demontert og fjerna. Original lyssetting i turbinhall er fjerna. I ventilhuset er det gjort fleire endringar i samband med at inntaket til dei 3 opprinnelege aggregata er attstøyppt. Elles står autentiske restar av dei opprinnelege installasjonane igjen i nordre del av ventilhuset.

Holtakanal

Holtakanal var i si tid eit banebrytande ingeniørarbeid. Den blei bygd i samband med utbygginga av kraftstasjonen Tinfos 2. Kanalen delte Sagafossen i to og førte vatnet til Tinfos 2 i noverande Sagafosdammens nivå, gjennom den opprinneleg 1 kilometer lange Holtakanal. Med denne løysinga fekk ein utnytta fallhøgda til to fossar i eit kraftverk. Holtakanal blei bygd med betongkonstruksjon mot elva nærast Sagafossen og mot ventilhuset. Kanalen blei gravd ut i terrenget mot aust og dei utgravde massane blei brukt til å fylle opp vestsida av kanalen mot terrengfallet ned mot elva.

Kunnskapen om denne typen kanalbygging blei henta frå Tyskland. Opprinneleg var det tenkt at fyllmassane som blei gravd ut av terrenget var nok til å fylle opp kanalen mot vest og halde den tett. Elvane i Tyskland var fylte av slam og slammet tetta igjen botnen og sidene i dei tyske anlegga. Det gjekk ikkje slik ved Tinfos. Her var det mest grus i fyllmassene og det var ikkje slam i elva som kunne tette igjen kanalveggane. Det viste seg at kanalen lak store mengder vatn nedover i fyllinga og i terrenget nedanfor. Det måtte derfor leggst eit betongdekke i heile kanalen for å få den tett.

Verneverdi Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal

Arkitektane for Tinfos 2 har latt seg inspirere av middelalderborger. Denne typen arkitektonisk uttrykk er representativt for denne tidas kraftverksbygg. Arkitektonisk har den eit romantisk uttrykk med detaljar i lokal granittstein og ornamentering basert på europeiske middelalderborger og nordisk mytologi. Interiøra har stor grad av autentisitet der funksjonar og interiør stort sett er



Sagafossdammen, tømmerrenna, Holtakanal og Kanalveien i 2006

som opprinneleg. Bruken er den same som opprinneleg om enn i noko redusert omfang.

Holtakanal var i si tid eit unikt stykke ingeniørarbeid. Denne typen inntakskanal er den einaste av sitt slag i Noreg. Den er representativ for denne perioden med omsyn til å tenke nytt, få til tekniske nyvinningar, hente kunnskapen der den fantes enten den blei utvikla sjølv eller henta frå andre stadar og land.

Tilstand Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal

Kraftstasjonen Tinfos 2 er i god vedlikehaldsstand både utvendig og innvendig og blei i 2005-2006 oppussa. Maling som blei brukt på interiøra er ikkje diffusjonsopen nok, det kan difor oppstå fuktskadar.

Holtakanal er i relativt god stand, men større tiltak vil i næraste framtid være naudsynt for å ivareta tryggleiken. Ein revurderingsrapport og forslag til tiltak skal utarbeidast i løpet av dei næraste månadane for demningar og kraftverk. Slike tiltak vil bl.a. kunne være å sikre dammen fribord (tilstrekkelig høgde over vatn) samt at

kronebredda er god nok. Det veks relativt store tre på fyllinga til Holtakanal og røtene til desse kan være ei fare for sikkerheita til fyllinga. Trær og buskar på fyllinga og nær fyllinga er planlagt fjerna.

2.1.2 Tømmerrenna og området ved Kloumannsjøen

Historisk bakgrunn Tømmerrenna

Vassdraga har gjennom fleire hundre år blitt brukt som transportårer for tømmerfløting. Elvefar har blitt preparert både ved at uheldig plasserte stein og fjellformasjonar har blitt sprengt vekk og det har blitt bygd installasjonar i elvene for å leia tømmeret utanom problematiske område. Det har blitt bygd tømmerrenner også før kraftverka blei etablert i fossane, men ei tømmerrenne var kostbar å bygga og trengte vedlikehald og til dels større ressursar ved påstikning/innlasting av tømmeret i rennene. Dei fleste tømmerrennene var difor i hovudsak eit resultat av at fossane blei utbygd til



Tømmerrenna like nord for Hyttebyen/Kanalbyen med sikt sørover 2005

kraftproduksjon. Når fossane blei regulerte til kraftproduksjon var det behov for å styre tømmeret utanom inntaka. Skogeigarane hadde mange hundre år gamle fløtingstradisjonar i vassdraga og hadde på slutten av 1800-talet danna eigne fløtingsforeiningar som ivaretok deira interesser. Dette forenkla nok forhandlingane mellom fosse-eigarar og skogeigarar i åra som kom då det auka på med kontraheringar, forhandlingar og retts-
tvistar knytt til ressursane.

Alt i 1860 var det planar om å bygga ei tømmerrenne frå Svelgfoss til Tinnefoss. Denne delen av vassdraget hadde alle tider skapt problem for fløtinga og mykje tømmer blei utsett for skade. I ein periode måtte skogeigarane levere 13 stokkar på tylfta, Lisleheradtylfta (ei tylft bestod i regelen av 12 stokkar). Men det blei ikkje semje blant eigarane om å ta investeringskostnadane ved tømmerrenna i 1860. Første tømmerrenne blei bygd når kraftstasjonen Svelgfoss 1 blei bygd 1905-1907. Ved Kloumannsjøen blei det også bygd ei vaktstove og reiskapsbod for fløtinga som framleis står der i dag. Ved Kloumannsjøen står der også ei eldre tømmerbygning som i dag er brukt av vassverket i kommunen.

Tømmerrenna er i dag eigd av Skienvassdragets Fellesfløtningsforening (29,5 %), Norsk

Hydro (43,9 %) og Øst-Telemarkens Brukseierforening (26,6%).

Beskriving av tømmerrenna

Tømmerrenna er detaljert beskrevet m.h.t. materiale i Redegjørelse om rennas tilstand pr. september 2004, jfr. uttrykt vedlegg F og rapport om fremtidig vedlikehold datert 15. mai 1990, jfr. uttrykt vedlegg G.

Tømmerrenna frå Kloumannsjøen til Tinfos besto opprinneleg av fleire tømmerrenner som i 1959 blei samanbygd til ei renne med to hengebruer slik den står der i dag. Den første renna var på 1230 meter og gikk frå Kloumannsjøen til Gamlemoen/Svelgfoss 2 (ved Tinnelva der nordre hengebru står i dag). Lienfossrenna blei bygd i 1909-11 i samband med bygging av Lienfoss kraftstasjon. Renna hadde opprinneleg sitt utløp like nord for Lienskuta. Lienfossrenna blei påbygd i 1924 og gikk då forbi Sagafossen og Tinnefossen. Når Tinfos bygde ut ny kraftstasjon i 1955 blei nederste del av denne renna ombygd.*

Tømmerrenna er plassert på betongfundament enten på bakken eller den er løfta opp frå bakken og understøtta av tre- og stålkonstruksjonar. Rennekassa er i hovudsak oppført i tre med unntak av eit 160 m langt stykke i stålplater frå inntaket ved

nye Tinfos 1 og nordover og ein støypt inntakskanal ved Kloumannsjøen. Renna går igjennom 4 tunnelar, 2 stengeluker og over 2 hengebruer og andre til dels store tre- og stålkonstruksjonar. Rennekassa i seg sjølv er i hovudsak av impregnert tremateriale med over- og underliggarar i rennevangane. Nokre stadar er renna forsterka med jernbelegg.

Den øvste delen av denne renna er slik den var opprinneleg støypt i betong, der den går i tunnel under veg og vidare forbi ei steingeluke før den går i ein 493 meter lang tunnel der det er innlagt ei trerenne. Trerenna fortsetter nedover forbi to hengebruer i stål, forbi restane av gamle Lienfoss kraftstasjon og like nedanfor denne gjennom ein ny tunnel/kulvert på nokre få meter. Tømmerrenna går vidare forbi Hyttebyen/Kanalbyen og Sagafossdammen før den krysser demninga og passerer nye Tinfos 1. Før renna passerer Adminiet ved Tinfos går den igjen inn i ein tunnel og under kjøyrebrua der den ender. Ved Lienfoss er renna avrunda i botnen og belagt med jernplater, elles er tømmerrenna v-forma i snittet med ei ca 50 cm brei flat botn. Høgda frå botn til øvste kant varierer.

Sjå elles vedlegg 16 med kart og fotos over tømmerrenna, og utrykte vedlegg E, F og G.

Verneverdi tømmerrenna

Tømmerrenna er viktig i forståinga av samspelet mellom skogsressursen, fløtinga og kraftressursen. Som del av det heilskaplege kulturmiljøet er den unik i norsk samanheng. Tømmerrenna er representativ for denne typen renner. Rennelegemet ser i stor grad ut slik tømmerrennene frå byrjinga av 1900-talet såg ut, også når det gjeld den konstruktive underbygningen. Området for det gamle inntaket til kraftstasjonen Svelgfos 1 har bevaringsverdi då det syner samanhengen mellom kraftutbygging og tømmerressursen. Plasseringa

*I henhold til kontrakt inngått mellom Skienvassdragets fellesfløtning og eigarane av Svelgfos den 15. januar 1906 blei det sett ei øvre grense på tillette vassmengde gjennom renna på 3 kubikkmeter pr sekund når det skulle fløtast. I tillegg skulle det når tømmerrenna ikkje var i bruk og vatnet var avstengt, tillatast å føre tilstrekkelig vatn gjennom renna slik at botnen av renna kunne haldast våt for å motverke at treverket rotta. Maksimumsgrensa for vassmengde i dette tilfellet var ein halv kubikkmeter pr sekund.



Landskapet ved Kloumannsjøen der tømmerrenna går i tunnel bakom stabbesteinane

viser grunnlaget for at tømmerrenna blei lagt der ho ligg i dag.

Tilstand tømmerrenna

Tømmerrenna har ikkje blitt skikkelig vedlikehaldt på fleire tiår. Enkelte delar av den er i relativt dårleg vedlikehaldsstand. Nokre parti har behov for utbetring av fundament som er iferd med å gli ut. Fleire stadar er renna mosegrodd og dekt av råtnande lauv og trær. I tillegg har den vore tørrlagt over lang tid og den er fleire stadar blitt gjennområtten i botnpartiet. Bruene har behov for maling og generelt vedlikehald. Det er laga ein rapport i 1990 og ein i 2004 med kostnadsvurdering for istandsetting av tømmerrenna, jfr. uttrykt vedlegg F og G.

2.1.3 Fløterbu, uthus og vassverksbygg ved Kloumannsjøen

Beskriving fløterbu, uthus og vassverksbygg

Fløterbua på 5 x 10 meter er oppført i tømmer, taket er tekka med teglstein og har autentisk teglsteinspipe. Vindauge er autentisk men er i dag beskytta av treskodder. Uthuset er oppført i reisverk og kledd med ståande låvekledning. Vassverksbygg oppført i tømmer, med tak i teglstein. Øvre del av gavl er kledd med ståande panel. Vindauga er doble småruta og antatt autentiske, med eit kvadratisk vindauge av nyare dato.



Nye Tinfos 1 med kontrollsentral og Kanalveien bak

Verneverdi fløterbu, uthuset og vassverksbygg

Fløterbua, uthuset er del av det heilskaplege anlegget, har stor grad av autentisitet og gir innsikt i funksjonar knytt til drift av tømmerrenna. Fløterbua med uthus har stor grad av autentisitet. Dei er representative for slike reiskapsbuer og overnattingsbuer i forbindelse med tømmerfløtinga. Vassverksbygget er eit eldre tømmerbygg frå byrjinga av 1900-talet med stor grad av autentisitet.

Tilstand fløterbu, uthuset og vassverksbygg

Bygningane antas å være i relativt god vedlikehaldsstand.

2.1.4 Nye Tinfos 1

Beskriving nye Tinfos 1

Den nyaste kraftstasjonen står i dag for hovudvekta av kraftproduksjonen til Tinfos. Første Tinfos 1 blei opprinneleg satt i drift i 1901. I 1954-55 blei den opprinnelege Tinfos 1 erstatta ved bygging av ny dam og nytt kraftverk. Det nye anlegget blei den første tida kalla Nye Tinfos 1.

«Nye» er seinare gått ut av bruk. I forvaltningsplanen bruker vi likevel omgrepet «nye Tinfos 1» for å være tydelege på kva objekt vi omtalar.

Nye Tinfos 1 med kontrollsentral og Kanalveien bak Kraftstasjonsbygningen som synes utanfor sjøelve damanlegget er typiske for perioden, med kubistiske volum oppført i betong og reine former utan unødig ornamentering. Vest for kraftstasjonsbygningen ligg ein betongplatedam med flaumluker i tre, stål og betong. Aust for bygningen fortsetter betongplatedammen og går over i ein fyllingsdam i naturstein som igjen går over i fyllingsdam for Holtakanal med det nyaste vassinntaket for Tinfos 2.

Dam Tinfos 1 nord for kraftstasjonsbygningen, også kalt Sagafoss Inntaksdam, danner felles inntaksdam for nye Tinfos 1 og Tinfos 2. I forvaltningsplanen kallar vi denne dammen med vassspeil for Sagafossdammen.

Inntaksbassenget er for lite til å fungere som reguleringsbasseng. Vasstand i Sagafossdammen er rekna å ligge på HRV k 47. Nye Tinfos 1 og Tinfos 2 er typiske elvekraftverk utan direkte reguleringsmoglegheit. Nye Tinfos 1 har inntak i Sagafossdammen og inntakspartiet utgjør ein del

av dammen. Kraftstasjonen ligg umiddelbart nedstrøms dammen (inne i sjølve damanlegget), og har to vertikalaksla Kaplan-aggregat. Aggregat 1 blei satt i drift i 1955, Aggregat 2 blei satt i drift i 1976. All flaumavleiing både for nye Tinfos 1 og Tinfos 2 skjer ved nye Tinfos 1, med regulering av fire 10,8 m lange segmentluker (flaumluker) med terskel på k. 41,60 som er 5,4 m under HRV. Lukene blir regulert automatisk etter vasstand i Sagafossdammen og alle lukene kan regulerast manuelt. Det finnes ikkje anna flaumløp enn desse lukene, det er difor eit krav at opplegget for automatisk lukeregulering fungerer og at kvalifisert personell raskt kjem på plass for eventuelt å regulere lukene manuelt ved flaumsituasjonar eller ved andre kritiske hendingar. Dersom stasjonen fell ut ved maksimal driftsvassføring (160 m³/s) vil dammen overtoppes i løpet av 9 min og vatn vil bl.a. kunne renne inn i sjølve kraftstasjonsbygningen. Dei 4 flaumlukene sluker ei vassmengde på 1.200 m³/s. Flaumløpsverdiane for Tinfos utgjør henholdsvis 1.407 m³/s for ein 500 årsflaum, påregneleg maksimalflaum er berekna til 3.184 m³/s. På denne bakgrunnen er det grunn til å rekna med at det vil være behov for funksjonelle og formessige endringar i framtida.

Verneverdi nye Tinfos 1

Kontrast i byggeskikken og utviklinga over tid kjem tydeleg fram i heile kulturmiljøet. Nye Tinfos 1 har fått eit uttrykk som er representativt for tidas byggeskikk. Dei arkitektoniske elementa er store flater og enkle kubistiske former, ornamentering er fråverande med unntak av tidstypiske bokstavar som navnsetter og daterer anlegget. Kraftverksbygget uttrykker ikkje lenger noko anna enn det reint funksjonalistisk og er representativ for den moderne tidas arkitektur.

Tilstand nye Tinfos 1

Nye Tinfos 1 er underlagt eit kontinuerlig vedlikehaldsprogram og er i god vedlikehaldsstand. Det er registrert alkaliekisel-nedbryting i betongen i damanlegget. Ein revurderingsrapport og forslag til tiltak skal utarbeidast i løpet av dei næraste månadane for demningar og kraftverk.

2.2 BUSTADOMRÅDE

For hagar sjå kap. 2.4 og uttrykt vedlegg A.

OVERORDNA BESKRIVING BUSTADOMRÅDA

Dei fleste bustadane i området er i hovudsak oppført mellom 1890 og 1920. Mellom 1945 og 1950 blei det oppført fleire funksjonærbustadar i funkis stil og to rekkehus. Alle husa som opprinneleg blei oppført som bustadar er framleis i bruk som bustadar med unntak av direktørbustaden i Kanalveien 29. Dei fleste bustadane innanfor området er bygd av Tinfos Papirfabrikk. Nokre bustadar i Tinnesgata og i Lienveien samt Kanalveien 57 er oppført av og for private eigarar. Bustadane som tidlegare var eigd av Tinfos er i all hovudsak selde til private, men framleis eig Tinfos 12 hus som dei leiger ut.

Bustadområda viser ulike utviklingstrinn og stilartar i bustadbygging både dei som er bygd av Tinfos og dei som er bygd av private. Tinfos brukte oftast arkitektar når husa skulle utformast medan dei som er oppført av privatpersonar brukte lokale byggmeistarar. Det som skiljer bustadane bygd av Tinfos og bustadane bygd av private mest er henholdsvis dei sterke fellestrekk og det individuelle preget. Tinfos-bebyggelsen har i noko grad også behelde ein større grad av autentisitet.

I Kanalveien ligg arbeidarbustadar, funksjonærbustadar frå ulike periodar og direktørbustad i same veg. Det er likevel tydelig kva status dei ulike bygningane har. Dette kjem fram i storleik og hageutforming, men også i detaljering og plassering i forhold til vegen.

Verneverdi bustadområda

Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i heile kulturmiljøet der dei ulike sosiale bustadområda og stilperiodane framstår som relativt homogene. Dei tidlegaste bustadhusa har i stor grad sveitserstilsdetaljering og er like tilsvarande bygg frå andre regionar eller bygd av andre bedrifter. I byrjinga av 1900-talet kjem det innslag av jugendstil og til dels ei blanding av fleire stilartar. Husa bygd av



Kanalveien med funksjonærbustadar, opprinneleg oppført 1920



Materialtørka med Tinnesgata og Stallbakken bakom



Hyttebyen/Kanalbyen med steinmur, tømmerrenna og Sagafossdammen i forgrunnen

Tinfos har særegne detaljar i forhold til andre bygg frå perioden. Funksjonærbustadane frå ca 1915-20 er typiske for perioden med ei blanding av både jugend- og sveitserstil. I tillegg ser vi også klare utslag av sjølvstende tanken som gir seg utslag i byggeskikk med røter i eiga historie som ofte blir kalla historismen. På midten av 1900-talet er det funksisstilen som er rådande i området, som i dag er homogent og har stor grad autentisitet.

Tilstand bustadområda

Bustadane i området er jamt over i god stand. Uthus er i varierende vedlikehaldsstand.

2.2.1 Arbeidarbustadane i Hyttebyen/Kanalbyen mm

Beskriving av bustadar Hyttebyen/Kanalbyen og tilstøytande bygg

Arbeidarbustadane i Hyttebyen/Kanalbyen blei oppført av Tinfos mellom 1910 og 1920. I dag

består Hyttebyen/Kanalbyen av 27 bustadar som i 2002 blei gjort om til Kanalbyen borettslag. I tillegg ligg Kanalveien 57 midt inne i Hyttebyen/Kanalbyen, huset blei bygd av ein av arbeidarane på Tinfos og har alltid vore i privat eige. Huset skiljer seg frå resten av Hyttebyen/Kanalbyen ved å være kvitmala og har ei større innegjerda tomt. I flukt med bygningane oppført av Tinfos ligg også 3 privatoppførte bustadhus i Lienveien. I tillegg finnes 11 uthus i området.

Det er truleg at bygningane i Hyttebyen/Kanalbyen er arkitektheikna. Sjølvstendetanken med røter i eiga historie og byggeskikk har stått sentralt i utforminga av dei små tømmerstovene. Dei små husa er framleis brukt som bustadar, men dei store barnefamiliane som opprinnleg budde her er erstatta av bustadar for einslege eller par. Vi kan sjå at bygningane er tilpassa landskapet på måten kjellarrar og tilkomstløysingar er utforma. Det er relativt tett mellom husa, men det er også relativt romslege uterom i form av vegar og opne store felt mellom husa på tvers av vegane frå elva og opp mot Lienveien. Husa er plassert i ei vestvendt



Lienveien 36 eller 38 ca 1920, maskinlafta



Kanalveien 61 eller 63, sleppverk

skråning som har gitt alle husa mykje lys og utsyn.

Bustadane blei enten oppført i maskinlafta tømmer eller i sleppverkskonstruksjon. Sleppverkskonstruksjon i bustadhus var uvanleg, medan lafta tømmerbygg var det tradisjon for.

Dei fleste av bustadane har opprinneleg hatt ei grunnflate på ca 50 m² og bestått av kjøkken, soverom, stove og overbygd inngangsparti. Nokre av bygningane har uisolert loft og alle har ein form for kjellar. Tilkomst til eventuelt loftsrom er via ei labankdør i gavlvegg på utsida som kan nås ved hjelp av stige. Ein del av kjellarane har toalett og badarom, andre har berre vaskekjellar med sluk og vedbod. Dei fleste har tilkomst til kjellar via utvendig kjellarlem eller kjellar dør. Rundt 1950 vart dei opne overbygde inngangspartia bygd inne og det vart sett inn ny inngangsdør. På 1990 talet blei fem av husa lengst sør i området forlenga og tilrettelagt for bevegelseshemma.

Opprinneleg var bygningane ikkje kledd. I dag er bygningane kledd med ståande tømmermannspanel og måla raude, med unntak av Kanalbyen 13 som er i ukledd maskinlaft. Taka er tekka med flat Fredrikstadtegl, nyare tegl og enkeltkrum

teglstein i tillegg til betongtakstein. Vindauga er frå midten av 1900-talet. Opprinneleg likna vindauga meir på dei småruta vindauga som er satt inn i Kanalveien 13 (sjå også foto s. 65).

Då Notodden boligbyggelag overtok eigedomane i 2003 blei husa pussa opp. Takstein, inngangsdører og rekkverk for trapper, samt trappe-trinn fekk standardløyningar.

Beskriving uthus Hyttebyen/Kanalbyen og tilstøytande eigedomar

Der finnes om lag 10 uthus i området, dei fleste delt mellom fleire bustadar. Nokre av uthusa er originale, ein del har behov for vedlikehald og nokre er nyrestaurert eller nyoppførte. Tidligere var det vanleg å halde både gris og høns i uthusa i Hyttebyen/Kanalbyen. I tillegg kunne uthusa bli brukt til opphaldsrom/soverom når dei store barnefamiliene krevde større plass. Der ligg eit relativt nytt garasjebygg nord i området ved Kanalveien 65 som nyttast til fellesbod for burettslaget. Uthusa er oppført i bindingsverk og kledd enten med ståande lektekledning med smal overligger eller med tømmermannspanel. Tak er tekka med flat «Fredrikstadtegl» eller nyare teglstein. Det er planlagt å føre opp eit uthus mellom Kanalbyen 2 og Kanalveien 49.

I flukt med Kanalbyen 13 mot nord på eigedomen til Lienveien 48-50 ligg eit uthus med eit grisehus. Dette grisehuset er det siste av sitt slag i området. Grisehus var ikkje uvanleg i Kanalbyen fram til 1960-talet.

Verneverdi Hyttebyen/Kanalbyen med uthus og tilstøytande eigedomar

Verneverdien til husa i Hyttebyen/Kanalbyen er stor som del av det heilskaplege kulturmiljøet. Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Dette er ei type arbeidarbustadar som blei oppført av Tinfos mellom 1910 og 1920 då det var ein voldsom ekspansjon ved bedrifta. Sjølvstendetanken med røter i eiga historie og byggeskikk har vore bestemmende for utforminga. Husa er framleis brukt som bustadar.

Kjellardører, kjellarlemar og kjellarvindauga,



Uthus Kanalveien 57.



Uthus Lienveien 48 og 50.



Uthus til Lienveien 40 og 42.



Uthus til Kanalveien 55.

er for det meste originale. Nyare dører og vindauge frå midten av 1900-talet viser utviklinga av bustadane og er også viktige å ta vare på. Alle desse elementa blir svært viktige å ta vare på i sin opprinnelege form for opplevinga og forståinga av kulturmiljøet.

Verneverdien til uthusa er stor som del av det heilskaplege miljøet og gir området karakter. Verneverdien til uthuset med grisehus som ligg i flukt med Kanalbyen nr 13 på eigedommen til Lienveien nr 48-50 er stor då uthuset har stor grad av autentisitet og det er det siste ståande grisehuset i området. Det er viktig å ta vare på detaljar og særtrekk ved uthusa slik som for resten av bygningane i Hyttebyen/Kanalbyen.

Tilstand Hyttebyen/Kanalbyen med uthus og tilstøytande eigedomar

Bygningane i Hyttebyen/Kanalbyen er i god ved-

likehaldstilstand. Det er noko fuktinnslag i enkelte kjellarar. To-tre av uthusa har behov for vedlikehald. Uthuset i Lienveien 48-50 er i dårleg vedlikehaldsstand.

2.2.2 Arbeidarbustadane Tinnegata 49-53

Beskriving arbeidarbustadane Tinnegata 49-53

Bustadane i Tinnegata var dei første bustadane som blei bygde rundt 1890. I dag er alle tre bygningane kjøpt av ein eigedomsutviklar og brukt til utleigebustadar. Bygningane er oppført i sveitserstil og kledd med ståande, høvla panel.

Husa har ei spesiell trappeløysing som heng på veggene, men er truleg ikkje opprinneleg. Slike trapper er ein standard Tinfos har brukt på fleire



Tinnesgata med 53 i forgrunnen

av sine arbeidarbustadar med fleire bueiningar. Uthusa som høyrer til eigedomane har stor grad av autentisitet i materiale og detaljar.

Verneverdi arbeidarbustadane Tinnesgata 49-53

Verneverdien til husa er stor som del av det heilskaplege kulturmiljøet og viser den første bustadbygginga. Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Dei to største husa er representative for fleirbustadar bygd for tilsette ved industribedrifter av denne typen. Stilen er tidstypisk, ein enkel og nøktern sveitserstil. Husa viser ei form for bustadbygging som var vanleg på den tida dei blei ført opp. Husa har stor grad av autentisitet, vindauger, dører, panel og omrammingar er i stor grad originale. Husa blir brukt som bustadar. Dei spesielle utanpåhengte trappe-løysingane er typiske for denne typen bustadar på Tinfos, men er ikkje opprinnelege. Uthusa har stor grad av autentisitet.

Tilstand arbeidarbustadane Tinnesgata 49-53

Husa er i god vedlikehaldstilstand.



Kanalveien 2 med 4 like bakom

2.2.3 Arbeidarbustadane Kanalveien 2-4

Beskriving arbeidarbustadane Kanalveien 2-4

Husa blei oppført i 1908. Dei har blitt kalla Finnstuene etter arkitekt Finn Knudsen som teikna dei. Husa har typiske jugendtrekk. På nedsida av husa mot O. H. Holtasgate er det relativt høge rullesteinsmurar. Nettinggjerd og inngangsportar er tidstypiske.

Verneverdi arbeidarbustadane Kanalveien 2-4

Verneverdien er stor som del av det heilskaplege kulturmiljøet. Kontrast i samfunnskår og utvik-

ling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Husa er noko meir forseggjorde i uttrykket enn dei aller første arbeidarbustadane i Tinnesgata og har klare jugendtrekk. Rullesteinsmurane gir ein spesiell karakter til området og er typiske for Tinfos området. Husa er brukt til bustadhus.

Tilstand arbeidarbustadane Kanalveien 2-4

Husa er i god vedlikehaldstand. Rullesteinsmuren på nedsida av eigedomen er i ferd med å rase ut. Det er tidlegare gjort utbetringsarbeidar på rullesteinsmuren som ikkje er godt nok forankra i bakkant. Dette gjer at det på relativt kort sikt raser ut igjen slik som no har skjedd. Sjå elles om steinmurar under kap. 3.3.

2.2.4 Funksjonærbustadane Kanalveien 6-27

Beskriving funksjonærbustadane Kanalveien 6-27

Funksjonærbustadane i Kanalveien 11 til 25 blei oppført mellom 1913 -1920. Dei er truleg alle arkitektteikna, men av ulike arkitekter. Vi kjenner namnet på tre av arkitektane. Det er stort mangfald i utforming, takform og detaljering. Husa har nokre fellestrekk som gjer at bygningsmiljøet blir oppfatta som heilskapleg. Husa ligg om lag midt på tomta, tilbaketrekt frå vegen, om lag på linje. Det er relativt store hageområde på alle sider. Bygningskroppen ligg parallelt med Kanalveien. Alle utanom to av husa har ark som vender mot Kanalveien. Fleire har utkraga andre høgd. Mot veien har det vore oppført einsarta stakittgjerder. Det er ulike byggestilar, men i hovudsak er det sveitser og jugend detaljering på bygningane. Det er truleg at Kanalveien 6 har vore mal for både Kanalveien 23, 25 og den opprinnelege 27 som stod på tomta der garasje nord for 25 står i dag.

I dag er alle bygningane kledd med unntak av Kanalveien 6. Kanalveien 19 var opprinneleg bygd som horisontaldelt tomannsbustad for fløtinga, men blei sidan kjøpt av Tinfos og brukt til funksjonærbustad. Kanalveien 17 har eit meir



Kanalveien 13 med 11 bakom



Kanalveien 17

staseleg preg med forseggjorte utskjæringar og var opprinneleg bygd til kontorsjefen. Kanalveien 6 er også spesiell då bygningskroppen ligg heilt ut i gata med inngangsdører direkte inn frå gata. Den er oppført allereie i 1905 noko som kan forklare kvifor den ikkje forhold seg til vegen slik resten av funksjonærbustadane gjer. Kanalveien 10 er eit nybygg oppført i 2002 etter kopi av bustad som stod her tidlegare men brann ned.

Det er oppført to garasjar i Kanalveien 13 og 17 etter mal utarbeida i 2005 (jfr. vedlegg 7)

Verneverdi funksjonærbustadane Kanalveien 6-27

Funksjonærbustadane har stor bevaringsverdi både på grunn av variasjonen i individuelle uttrykk og som del av ein større heilskapleg planlegging. Kontrast i samfunnskår og utvikling av

byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet.

Funksjonærbustadane har stor variasjon i detaljering og uttrykk samtidig som dei er representative for tidas byggeskikk. Stilane sveitser, jugend og i noko grad historismen blir blanda både frå hus til hus og innanfor kvart enkelt hus. Husa er i bruk som bustadhus.

Tilstand funksjonærbustadane

Kanalveien 6-27

Husa er i god vedlikehaldsstand. Nokre kjellarar har fuktinnslag.

2.2.5 Funksjonærbustadar i Kanalveien 33 - 41 og Lienveien 30-32

Beskriving Kanalveien 33 - 41 og Lienveien 30-32

Oppført frå 1945 til 1950 i funkisstil, teikna av arkitektane Thorvald og Henning Astrup. Bygningane ligg skrått i forhold til Kanalveien og Lienveien og ligg flott plassert i skrånande terreng med utsikt over Sagafosdammen og elvedalen. Bygningane er oppført i bindingsverk og kledd med ståande tømmermannskledning. Taka var opprinneleg tekka med enkeltkrumma raud teglstein, i dag har berre Kanalveien 37, 39, og 41 opprinneleg takstein, resten har dobbelkrumma sementtakstein.

Verneverdi Kanalveien 33 - 41 og Lienveien 30-32

Desse funksjonærbustadane frå midten av 1900-talet har stor verneverdi som del av det heilskaplege kulturmiljøet. Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Dei viser ein ein-skapleg byggestil frå perioden og har stor grad av autentisitet. Framleis er dei brukt til bustadar.

Tilstand Kanalveien 33 - 41 og Lienveien 30-32

Bygningane er i god vedlikehaldsstand.

2.2.6 Bustadar i O. H. Holtasgate

Beskriving bustadar i O. H. Holtasgate

Bustadane i denne gata er ueinsarta og oppført i ulike periodar. Her er to rekkehus oppført i 1945-46, eit oppført i tre og eit i mur. Det er to mindre bustadhus i tre og eit stort hus i tre (O.H. Holtasgate 20) som i fleire 10-år blei nytta til butikk (Tinfos Handelslag) og bustadhus. I dag er alle husa brukt som bustadhus utleigd av Tinfos. Her er fellestrekk som at husa ligg midt inne på tomta med hageareal rundt på alle sider, gjerder og portar slik som for resten av Tinfos sine eigedomar.

Verneverdi bustadar i O. H. Holtasgate

Verneverdien er stor som del av det heilskaplege kulturmiljøet. Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Bygningane har relativt stor grad av autentisitet og er i all hovudsak framleis brukt som bustadhus.

Tilstand bustadar i O. H. Holtasgate

Husa er i god vedlikehaldstilstand

2.2.7 Bustadar i Tinnesgata 39 – 45 og Lienveien 48 – 52, samt Kanalveien 57

Beskriving av Tinnesgata 34-45, Lienveien 48-52 og Kanalveien 57

Einebustadar oppført frå slutten av 1800 talet til slutten av 1900-talet. Desse bustadane er oppført av private og har aldri tilhøyrt Tinfos. Dei er representative for individuell privat bustadbygging i tidsromet. Nokre av husa har stor grad av autentisitet, medan andre har blitt modernisert og inspirert av nye stilperiodar som har utvikla seg framover på 1900-talet. Bygningane har utvikla seg slik det har vore vanleg for individuell bustadbygging. Her er hus som har fått utskifta vindaugo, andre har beholdt dei originale vindaugo og andre har fått laga tilnærma kopier av vindaugo som har tilhøyrt stilperioden då huset blei oppført. Volum og plassering er som for dei opp-



Oversikt O.H. Holtasgata med Tinnegata bak

rinnelege husa. Denne private bebyggelsen kontrasterar bebyggelsen opprinneleg eigd av Tinfos slik at fellestrekk ved denne kjem tydelegare fram enn den privateigde bebyggelsen som i større grad har individuelt uttrykk.

Uthusa i området er både tradisjonelle uthus frå tidleg 1900-talet og seinare bygde uthus og garasjar. Truleg er uthus i Kanalveien 57, Lienveien 48-50, Tinnegata 39 og 43 frå tidleg 1900-talet. Uthuset til Lienveien 48-50 har eit tilbygg mot nord som blei brukt til grisehus. Tidligere var det fleire grisehus i Kanalbyen-området som no er borte.

Verneverdi Tinnegata 34-45, Lienveien 48-52 og Kanalveien 57

Området har verneverdi som del av det heilskaplege kulturmiljøet og viser privat bustadbygging i perioden. I tillegg har det stor verdi som kontrast til den heilskaplege bebyggelsen opprinneleg bygd av Tinfos. Det individuelle særpreget for bebyggelsen er typisk for utvikling og modernisering av privat bustadbygging på 1900-talet. Kon-

trast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Husa er framleis brukt som bustadar.

Uthusa med stor grad av autentisitet som er nemnt ovanfor er spesielt verdifulle på grunn av sin autentisitet. Dersom autentisiteten ved desse blir tatt vare på gir det området den karakteren som skal til for at området kan framstå som opprinneleg frå tidleg 1900-talet. Dersom autentisiteten ved desse uthusa blir borte, vil området ikkje lenger uttrykke same tidsdybde som i dag.

Uthuset i Lienveien 48-50 som ligg like nord for Kanalbyen 13 har stor grad av autentisitet og er det einaste attværande grisehuset i området.

Tilstand Tinnegata 34-45, Lienveien 48-52 og Kanalveien 57

Husa er i stor grad i god vedlikehaldstilstand. I Tinnegata er husa i god stand eller dei er i ferd med å bli pussa opp. Uthuset i Lienveien 48-50 er i dårleg stand. Lienveien 48 har behov for vedlikehald.

2.3 INTERIØR, VERNE- VERDIAR OG TILSTAND

Interiøra som er vald ut for freding er spesielle og representative for uttrykk og funksjonar innanfor kulturmiljøet. Det er vald 4 bustadinteriør som representerer dei 3 sosiale miljøa innanfor området og interiøret til kraftstasjonen Tinfos 2. For interiørbeskriving Tinfos 2 sjå kap. 2.1.1.

Det er vald to relativt like arbeidarbustadar i Hyttebyen/Kanalbyen der planløyisinga er lik men med to ulike konstruksjonar. Dei fleste av husa i Hyttebyen/Kanalbyen er lafta med maskinlaft, medan den andre typen har stavar i hjørna og veggsamanføringar og med sleppverk mellom stavane. Ved fredinga har ein vald å verna eit døme på kvar konstruksjonstype også i interiøret.

2.3.1 *Interiør i arbeidarbustaden Kanalveien 49*

Kanalveien 49 er ein av 27 bustadar oppført av Tinfos mellom 1910 og 1918, for arbeidarane ved Tinfos. Huset er oppført i maskinlafta tømmer og har loft med tilkomst via dør i vestre gavlvegg.

Beskriving interiør Kanalveien 49

Stove, soverom og kjøken har originalt faspanel på veggjar og tak, med unntak av kjøkentak. Panel i tak på kjøken er nytt i 2005, men i kopi av det gamle.

Listverket er originalt både for golv- og taklister i både stove og soverom. Listverket i kjøkentak er kopi av listverk som er på stova. Originallistverk i kjøkentak finnes framleis i skap mellom inngangsdør til kjøken og dør til stove. Listverk rundt alle dørene er originalt i alle rom. Alt listverk rundt vindaugo er frå 1950-talet då det blei sett inn nye doble vindauger.

Dør mellom stove og kjøken, inngangsdør til kjøken og mellom kjøken og soverom er originale. Dørhandtak er ikkje originale.

Verneverdi interiør Kanalveien 49

Interiøret i Arbeidarbustaden i Kanalveien nr 49 har stor bevaringsverdi som viser detaljering romløyising og uttrykk i det heilskaplege kulturmiljøet. Interiøret har stor grad av autentisitet, der romfunksjonane og romløyising er originale. Laftverkskonstruksjon er representativ for bygg med denne typen konstruksjon i Hyttebyen/Kanalbyen. Sleppverkskonstruksjon i bustadhus er ikkje ein vanleg byggemåte. Variasjon i materialkvalitetar og utføring gir uttrykk for både sparsemd og kontrast i samfunnskår innanfor området.

Tilstand interiør Kanalveien 49

Huset er i god vedlikehaldstand både innvendig og utvendig.

2.3.2 *Interiør i arbeidarbustaden Kanalveien 63*

Kanalveien 63 er ei av 27 bustadar oppført av Tinfos mellom 1910 og 1918, for arbeidarane ved bedrifta. Kanalveien nr 63 er oppført i sleppverkskonstruksjon og har ikkje loft. Kanalveien nr 63 har tilkomst til kjellar via kjellarlem på nordsida. Kjellar har vaskekjellar med sluk og ei bod utan vindaugo.

Beskriving av interiør i Kanalveien 63

Kjøkken, soverom og stove er kledd med ståande faspanel i same breidde for alle rom. Hjørnestolpane i sleppverkskonstruksjonen er synlege i hjørna av stoverom og soverom.

Listverk rundt alle dører er originalt. Listverk rundt alle vindaugo er frå 1950-talet då vindaugo blei skifta. Listverk i alle tak er originalt og ulikt listverket i Kanalveien nr 49, men typen finnes igjen fleire stadar i Tinfosområdet, både i direktørbustadane og funksjonærbustadane. Golvlistar i stove og på soverom er originale.

Dører frå kjøkken til stove og frå kjøkken til soverom er originale. Inngangsdør til kjøkken er ikkje original. Dørhandtak er ikkje originale.

Verneverdi interiør Kanalveien 63

Interiøret i Arbeidarbustaden i Kanalveien 63 har stor bevaringsverdi som viser detaljering romløyising og uttrykk i det heilskaplege kulturmiljøet. Interiør har stor grad av autentisitet, der romfunksjonane og romløyising er originalt. Sleppverkskonstruksjon er representativ for bygg med denne typen konstruksjon i Hyttebyen/Kanalbyen. Variasjon i materialkvalitetar og utføring gir uttrykk for både sparsemd og kontrast i samfunnskår innanfor området.

Tilstand interiør Kanalveien 63

Huset er i god vedlikehaldstand.

2.3.3 Interiør i direktørbustad i Kanalveien 29

Tidlegare stod det ei anna bygning på tomta som brann og blei erstatta av direktørbustaden oppført 1925, tilbygg med overbygd inngangsparti frå 1955. Direktørbustaden med garasje er teikna av arkitekt Sverre Knudsen. Huset har ei grunnflate på 270 m².

Beskriving av interiør i Kanalveien 29

Huset har 2 fulle etasje, full kjellar og uinnreia loftsetasje. Første etasje har kjøken med anretning og kammers, 3 stoverom som no er galleri, ein hall, ein gang, eit toalett, ei baktrapp. Hall med stor trapp fører opp til 2.etasje der det tidlegare har vore soverom og ei innreia leilighet med kjøken og stort flislagt bad. Frå hallen fører der også ei dør ned trapp til kjellaren.

Andre etasje har i tillegg til ei adskilt leilighet hatt 4 soverom. Den adskilte leiligheta har tilkomst frå baktrappa ved kjøkkeninngangen. Det er også inngang til denne leiligheta frå hallens andre etasje. Leiligheta har husets einaste baderom, med badekar, toalett, vask, original varmeovnar, originale toalettppapirhaldarar, handklehaldar i glas.

Kjellar har baderom, toalett, peisestove, vinkjeller med dekormalte vegg, eit relativt nytt innreia auditorium.

For fleire detaljar sjå registreringsskjema.

Verneverdi Kanalveien 29 interiør

Interiøra har stor grad av autentisitet og viser original funksjon, uttrykk og arkitektoniske kvaliteter. Kontrast i samfunnskår kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet. Både romutforming, innreiing i baderom, innreiing i kjøken og i kjøkenet si anretning, innreiing i stover, innreiing i soverom, materiale på vegg, tak og golv, lamper og dørhandtak er originale. Romfunksjonane er i stor grad slik dei var opprinneleg. Verdien av interiøret med så stor grad av autentisitet og som viser funksjonar og uttrykk er svært stor som del av det heilskaplege kulturmiljøet og som viser kontraster i samfunnskår.

Tilstand Kanalveien 29 interiør

Bygget er i god vedlikehaldstand. Det mest originale soveromet som ligg i søraustre hjørne i 2.høgda blir brukt som lagringsplass og treng vedlikehald.

2.3.4 Funksjonærbustaden Kanalveien 15

Bustaden er opprinneleg oppført i 1916. Opprinneleg har huset truleg sett ut som Kanalveien nr 11 og 13. Allereie i 1924 blei huset påbygd mot nord. I dag er veranda på sydvestvegg innebygd, her kan ein sjå husets opprinnelege ytterkledning, som var maskinlaft med fals. Vindauga er for det meste originale men det er lagt ny tømmermannskledning på huset og alle originale utvendige omrammingar er fjerna.

Beskriving hall Kanalveien 15

Hallen har original romutforming, originalt vekselpanel, listverk, dører, vindaugo og peis. Hallen er relativt nyoppussa og har fått ny fargedrakt. Golvdekke er nytt. Dørene i hallen har klare jugenddetaljar med tettstilte rifler i dørplata, grønt hamra ovalt glas med krysspost. Hengsler og handtak er truleg originale. Peis i hjørne er original med ny fargedrakt.

Verneverdi hall Kanalveien 15

Hallen er representativ for hallane i funksjonærbustadane i Kanalveien. Dei fleste funksjonærbustadane i Kanalveien har hatt ein relativt staseleg hall. Mange av elementa går igjen. Hallen i Kanalveien 15 er original med omsyn til materialar og utføring både i veggjar, tak, listverk og dører, unntaket er golv- og trappedekke. Listverket er vakkert og generøst utforma både med omsyn til bredder og profiler. Hallen i Kanalveien 15 er både representativ og spesiell med sin vakre dører, vindaugo og listverk. Det er typisk med peis og dører med hamra glas. Det er også typisk med rikt profilerte lister, i Kanalveien 15 er det i tillegg særleg breie golv og taklister. Kontrast i samfunnskår kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet.

Tilstand hall Kanalveien 15

God vedlikehaldstand.

2.4 HAGAR OG UTEAREAL

Det er utarbeida ein rapport om Hagar og uteareal som gir ei nærare detaljering i historisk bakgrunn, statusbeskriving og gir gode råd, jfr. uttrykt vedlegg A.

Forskrifta og forvaltningsplanen er førande i forvaltningen av hagane. I kap. 3.3.4 er ei oppstilling over korleis viktige element i hagar og uteareal skal takast vare på. I kap. 3.2 er dei juridiske bestemmelsane frå forskrifta utdjupa. I vedlegg 8, 9, 10 og 11 i forvaltningsplanen gir 4 hagedøme rammer for utvikling av dei ulike hagane innanfor området.

HAGAR

Det finnes om lag 70 hagar innanfor området. Hagane er i stor grad tidstypiske og gir eit bilete av korleis hagane også har vore med på å manifestert status og sosial rang i området. Felles for dei fleste av hagane er at syriner og stakittgjerde har gitt området eit heilskapleg preg. Det er også nokre område med nettinggjerde og særneigaste stålportar som er særneigaste for området.

Hagane til direktørbustadane og funksjonærbustadane

har i stor grad behelde sin opprinnelege struktur. Desse hagane har vore romslige og med frodig vegetasjon av både nyttevekstar og prydevekstar. Desse hagane er som oftast inndelt i soner og ein del av plantinga er autentisk. Direktørbustadane ligg tilbaketrekt og meir privat i forhold til vegen enn andre bustadar i området.

Hyttebyen/Kanalbyen

har framleis mykje av terreng, murar og terrengtrapper som er originalt, ein del hekker, trær og buskar er også autentiske. Det er etablert ein del nye element som kantstein spesielt i sørlegaste delen av Hyttebyen/Kanalbyen. For hagane i Hyttebyen/Kanalbyen er strukturen ein del endra på grunn av at gjerder er fjerna og nye parkeringsplassar er etablert. Skilja mellom hagane er fleire stadar uklare. Hagane her har vore små og tidlegare har dei blitt brukt til nyttevekstar i større grad enn i dag. I dag er det i hovudsak prydevekstar i hagane.

Hagane i arbeidarbustadane i Tinnegata

har stor grad av opprinnelege strukturerande element og autentiske planter.

Hagane til bustadane i O.H. Holtasgate

er ei blanding av fleire typar og periodar. Alle er imidlertid innramma av spireahekkar og dei har stort sett nettinggjerder særneigaste stålportar. Dei ber preg av å være utleigebustadar.

Bustadane oppført av private eigarar i Tinnegata og i Lienveien

har også hagar som er tidstypiske og fleire av desse har stor grad av autensitet både i struktur og beplantning.



Telemarksgalleriet, den gamle kontorbygninga og den gamle kraftstasjonsbygninga

UTEAREALA ELLES

Med uteareal elles meines bl.a. naturlandskap, parkdrag, elvebredder, plassar, vegar og stiar. Grunnen som tømmerrenna står på frå Hyttebyen/Kanalbyen til Kloumannsjøen. Innafor området frå Hyttebyen/Kanalbyen og sørover eig og skjøttar Tinfos naturområda, parkdraget frå industriområdet mot idrettsanlegget, idrettsanlegget på Tinnesøyren, vegar og stiar. Dette området framstår som velstelt. Grunnen som tømmerrenna står på er eigd av private og har dei siste åra ikkje blitt skjøtta. Skogen har ikkje blitt sett på som drivverdig og området er relativt attgrodd. Området ved Kloumannsjøen er eigd av Hydro og eit mindre område av ein privatperson. Dette området har blitt skjøtta på ein slik måte at landskapet er relativt ope. Bygningar og tekniske anlegg er difor godt synlege.

Plassane mellom industribygga

og rundt desse var tidlegare brukt til lagring for industriproduksjonen og hadde større og mindre midlertidige bygg og anlegg plassert der. I dag er plassane i stor grad brukt som parkeringsareal og trafikkareal. Framfor inngangspartia på fleire av bygningane er det steinlagt. Området er i ferd med å utvikle seg til å få eit meir parkmessig preg.

Rullesteinsmurar og slipesteinar er typiske for Tinfos området

Slipesteinane omkransar industri- og kraftbygga, medan rullesteinsmurar finnes i heile området både langs vegar og i hagar. Spesielt kan nevnt den høge rullesteinsmuren i O. H. Holtasgate og rullesteinsmurane som går langs grensa til Tinnosbanen. Tidlegar var det også vanleg å bruke stabbesteinar i kant av veg. I dag er det berre stabbesteinar i området ved Kloumannsjøen.



Slipesteinar ved Adminiet Tinfos



Rullesteinsmurar sett frå O.H. Holtasgate



Rullesteinsmur i hagen til Kanalbyen 11

Verneverdi hagar og uteareal

Verneverdien er stor for både hagane og uteareala som del av det heilskaplege kulturmiljøet. Kontrast i samfunnskår og utvikling av byggeskikken kjem tydeleg fram i det heilskaplege kulturmiljøet, der hagane er nært knytte til stilperioden husa blei bygde i og har generelt stor grad av autenti-

sitet. Hagane er tidstypiske, dei fleste hagane har behelde sin opprinnelege struktur og nesten alle hagane har planter frå då hagen opprinneleg blei etablert. Eins stakittgjerder i tre og eins nettinggjerder med tilhøyrande hageportar er typisk for området. Syriner er også typiske for området.

Hagane saman med husa er med på å tydelig-

gjere det tidlegare klassesdelte samfunnet og utviklinga framover 1900-talet.

Rullesteinsmurane og slipesteinane er særlegne for dette området. Stabbesteinar var typiske i kant av veg. Alle desse elementa er del av opprinneleg uttrykk og gir området karakter.

Tilstand hagar og uteareal

Hagane er i relativt god stand. Dei blir stelt og tatt vare på i større og mindre grad og ingen hagar er vanstelte. Genetisk plantemateriale, spesielt stauder i Tinnegata 49-53 står i fare for å forsvinne, det same gjeld genetisk plantemateriale i frukttrea i Kanalveien. Dei gamle frukttrea må skjøttast for å kunne leve så lenge som mogleg.

Uteareala er godt tatt vare på sør ved Tinfos. Grunnen som tømmerrenna står på frå Hyttebyen/Kanalbyen til Kloumannsjøen er ikkje blitt skjøtta på fleire år og vegetasjonen skadar tømmerrenna fleire stadar. Området ved Kloumannsjøen ser ut til å ha blitt skjøtta, og vil ha behov for periodisk skjøtsel framover.

Rullesteinsmuren i O.H. Holtasgate har glidd ut fleire stadar. Det er stort behov for å utbetre denne muren snarast. Rullesteinsmurane som grensar til Tinnosbanen er fleire stadar svært tilgrodde. Røter sprenger seg veg gjennom steingjerdene og underminerer desse.

Nettinggjerdar mot Tinnosbanen er i dårlig stand og treng utbetring. Gjerder innanfor Kanalbyen burettslag er til dels i dårlig teknisk stand.



Kanalveien 21. Foto: Aslaug Norendal

2.5 TILSTANDSBESKRIVING KULTURMILJØET

Under dette kap. presenteres ein oversikt over tilstand innanfor kulturmiljøet. Sjå under dei ulike punkta i kap. 2.1 for større detaljeringsgrad av tilstand. For hagar og uteareal ovanfor.

Kulturmiljøet framstår som velhalde og dei fleste bygg og anlegg innafør området er i god vedlikehaldstand med unntak av

- Tømmerrenna er i relativt dårlig vedlikehaldstand. Det er utferdiga ein rapport i 1990 og ein i 2004 med kostnadsvurdering for istandsetting av tømmerrenna. Sjå vedlegg.
- Ein revurderingsrapport og forslag til tiltak skal utarbeidast i løpet av dei næraste månadane for demningar og kraftverk.
- Holtakanal har relativt store lekkasjar og tilfredstillar ikkje nye sikkerhetskrav, vegetasjon på fyllingsdammen må fjernast.
- Noko fuktinnsig i nokre av kjellarane i arbeidarbustadane blir utbetra sommaren 2006
- Noko fuktinnsig på nokre av funksjonærbustadar, behov for drenering
- Stallbakken 1 er i dårlig vedlikehaldstand
- 2-3 av uthusa i Hyttebyen/Kanalbyen er i dårlig vedlikehaldstand, behov for vedlikehald.
- Uthus på eigedommen til Lienveien 48-50 er i dårlig vedlikehaldstand og teknisk stand. Hol i taket. Platekledd tilbygg til uthus som tidlegare er brukt som grisehus, er i dårlig stand. Bygningen treng vedlikehald og utbetring.
- Fellesgarasjane ved Kanalveien 33 er i dårlig vedlikehaldstand.
- Nettinggjerdar mot Tinnosbana er i dårlig stand og treng utbetring
- Gjerder innanfor Kanalbyen burettslag er til dels i dårlig teknisk stand
- Høge rullesteinsmurar i O. H. Holtasgate er iferd med å rase ut og har behov for utbetring straks.
- Rullesteinsmurar og gjerder langs Tinnosbanen treng utbetring.
- Genetisk plantemateriale står i fare for å forsvinne

2.6 VERNESONENE

Forskrifta § 3: Kulturmiljøet er delt inn i vernesone A, B og C og gitt egne føresegner etter kor mykje endringar dei tåler (jfr. formålet). For vernesone A skal særleg strenge antikvariske omsyn leggest til grunn. Sonene er markert på kart datert 09.02.2007 og vedlagt denne forskrifta.

Innanfor området er det variasjonar med omsyn til verneverdiar og kva som kan tillatast av endringar og nye tiltak utan at kulturmiljøet forringes for bygningar, tekniske anlegg, hagar og naturområde.

Oppdeling i vernesoner gjer det også mogleg å lage meir målretta bestemmelsar for dei ulike verneområda noko som vil forenkle sakshandsaminga knytt til området.

Hagane og naturareala er knytte til vernesonene men ikkje i like stor grad som bygningar og tekniske anlegg. Råd om skjøtsel og utvikling i rapport om Hagar og Uteareal er basert på stilperiodar og tidlegare sosiale skillelinjer. Rapporten danner grunnlag for bestemmelsane i forskrifta knytte til hagar og uteareal og utdjupinga av bestemmelsane i forvaltningsplanen. Dei 4 hagedøma som skal være retningsgivande for korleis hagane skal utviklast er nærare omtala i kap. 3.2.

VERNESONE A

Vernesona omfattar område med fabrikkaneleg og administrasjonsbygg, arbeidarbustadar frå 1890 åra, arbeidarbustadar i Hyttebyen/Kanalbyen og arbeid-, funksjonær- og direktørbustadar i Kanalveien 2 - 29. Kraftstasjonen Tinfos 2 med ventilhus og Holtakanal samt tømmerrenna er også ein del av vernesona.

Vernesona beskriv kjerna av industri-, kraft- og bustadbebyggelsen frå starten av industrireisinga frå slutten av 1800-talet og dei første to tiåra av 1900-talet.

Innanfor sona er representativ industri- og kraftverksbebyggelse med tilhøyrande tekniske anlegg. I tillegg består vernesona av bustadbygging som klart viser klasseskiljet i samfunnet og er represen-

tativ for utviklinga av eit industrisamfunn fram til ca 1920-talet. Bustadbygga i sona er i hovudsak oppført i tidsbolkar som kjem tydeleg fram i områda sin karakter og som er oppført parallelt med industrietableringa fram til 1920. Bebyggelsen i vernesona har stor grad av autenticitet.

Vernesone A har det sterkaste vernet avdi det som er opprinnelsen til kulturmiljøet i størst mogleg grad skal forbli uendra. Området har stor grad av autenticitet, er representativt og homogent og er derfor unikt i norsk samanheng. Det skal utøvast ein streng praksis i forhold til dispensasjonshandsaming for desse områda. Antikvariske verdier som er dei opprinnelege kvalitetane, materiala og funksjonane skal (i den grad det er praktisk mogleg) ikkje endrast. Det kan være tillete med tilbakføringar etter søknad om dispensasjon.

Hagar i sona, uteareal og plassar i tilknytning til industri- og næringsbygg, naturområde og dei offentlege areala skal skjøttast og utviklast på ei slik måte at det ikkje strid imot formålet med fredinga og får egne bestemmelsar og retningslinjer.

VERNESONE B

Kraftstasjon og dam frå 1955, Sagafosdammen, Tinnfosselva med tekniske anlegg under vasspeil, område ved Kloumannsjøen med vassverksbygg, naturlandskap, skråningar og parkanlegg. Kontrollsentral, koblingsanlegg og tennishall som i dag er lager. Vernesona består elles av bebyggelsen Tinfos har ført opp for sine eigarar og tilsette fram til 1960. Bustadar i O.H. Holtasgate, Kanalveien og Lienveien for dei fleste oppført på 1950-talet. Denne sona viser i hovudsak utviklinga av kraftproduksjonen og bustadbygginga på midten av 1900-talet, samt naturlandskap som rammar inne kulturmiljøet. Bustadane frå 1950-talet har stor grad av autenticitet det same har bygningane elles.

For vernesone B kan det i noko grad gis rom for endringar. Det må allikevel ikkje endre opplevinga av området. Det homogene uttrykket, materialar og funksjonar eller stride mot formålet med fredinga. Vasspeil i Sagafosdammen skal behaldas. Mindre endringar kan tillatast forutsett at dei tilpassast kulturmiljøet og etter søknad om dis-

pensasjon. Det kan være tillete med tilbakeføring-
ar etter søknad om dispensasjon.

For kraftstasjonen nye Tinfos 1 vil det i fram-
tida være rom for utvikling av kraftproduksjons-
næringa.

Hagar, naturområde og uteareal skal skjøttast
på ein slik måte at det ikkje strid imot formålet
med fredinga og får eigne bestemmelsar og ret-
ningslinjer.

VERNESONE C

Tinnesgata 35 – 45. Lienveien 48 – 52. Svømme-
hall og idrettsanlegg. Vernesona består av bustad-
hus som er plassert inntil kjerneområda av kultur-
miljøet på ein slik måte at dei påverkar opplevinga
av kulturmiljøet. Dei er i hovudsak oppført i same
tidsperiode som bebyggelsen Tinfos har ført opp. I
tillegg ligg symjehall og idrettsanlegg oppført av
Tinfos innanfor denne vernesona. Symjehallen
blei i 2006 på- og ombygd. Noko av bustadbebyg-
gelsen har stor grad av autentisitet. Det er tydeleg
at den er oppført av privatpersonar i kontrast til
den meir einskaplege Tinfosbebyggelsen. Noko av
denne bebyggelsen er blitt moderat modernisert
og oppgradert med moderne materialar og i nokon
grad moderne uttrykk.

For vernesone C gis det moglegheit for utvik-
ling dersom dette ikkje i vesentleg grad endrar
opplevinga av kulturmiljøet, skjemmer kulturmil-
jøet eller strid imot formålet med fredinga.

Hagar og uteareal i sona skal skjøttast og
utviklast på ein slik måte at det ikkje strid imot
formålet med fredinga og får eigne bestemmelsar
og retningslinjer.

2.6.1 Dei ulike vernesoner oppdelt

For å få ein betre oversikt og tydelige referanse-
rammer deles dei tre vernesonekategoriane i til-
legg opp i talverdiar. Sjå kart vedlegg 15.

VERNESONE A1

Funksjonærbustadane i Kanalveien 11 – 25 samt
bustad i Kanalveien 27. Bustadar i Kanalveien 2,
4, 6 og 10 samt direktørbustaden i Kanalveien 29.

VERNESONE A2

Arbeidarbustadane i Kanalbyen burettslag samt
Kanalveien 57.

VERNESONE A3

Arbeidarbustadane i Tinnesgata 49 og 53, dei før-
ste bustadane som blei oppført for tilsette, ca 1890.

VERNESONE A4

Kraftstasjonen Tinfos 2 med ventilhus, rørgate,
demningar, flomløp og opprinneleg løp for
Holtakanal med demning og vassinntak bygd
mellom 1911-12.

VERNESONE A5

Industri- og kraftverksbygg og anlegg frå 1880 –
19137

VERNESONE A6

Tømmerrenna med konstruksjonar, bruer m.m.
Samanbygd frå Kloumannsjøen til Tinfos i 1959.

VERNESONE A8

Fløterbu, uthus ved Kloumannsjøen.

VERNESONE B1

Elva og vasspeil med restar av tekniske anlegg
under vasspeil, skråningar og naturareal. Bustadar
i O.H. Holtasgate og Stallbakken. Tennishall,
kontrollsentral, koblingsanlegg i Tinnesgata.

VERNESONE B2

Funksjonærbustadar i Kanalveien 33 - 41 og
Lienveien 30-32. Oppført frå 1945 til 1950.

VERNESONE B3

Naturareal/skråning nord for Lienveien 52.

VERNESONE B4

Vassverksbygg, område for opprinneleg inntak for
Svelgfoss 1 og uteareal ved Kloumannsjøen og
fram til innslaget for stor tunnel.

VERNESONE B5

Nye Tinfos 1, betongplatedam og flaumluker frå
1955.

VERNESONE C1

Bebyggelse i Tinnegata oppførte av privatpersonar og som ikkje har tilhøyrt Tinfos.

VERNESONE C2

Bustadar i Lienveien 48, 50 og 52, oppførte av privatpersonar og som ikkje har tilhøyrt Tinfos.

VERNESONE C3

Tinnesøyren med symjehall, idrettsanlegg, park- og grøntareal.

VERNESONE C4

Grunnen som tømmerrenna står på frå Kanalbyen til tunnelinnslag ved stor tunnel sør for Kloumannsjøen, samt område ved inntak for tømmerrenne ved Kloumannsjøen.



Vernesone 3B er naturareal ved Hyttebyen/ Kanalbyen og Lienveien 52



Vernesone A6 er tømmerrenna med konstruksjon og fundament. Vernesone C4 er grunnen tømmerrenna står på

3. TILTAK OG RETNINGSLINJER

Under dette kapittelet er skrift i kursiv henta direkte frå forskrifta eller frå kulturminnelova.

3.1 UTVIKLING AV OMRÅDE KNYTT TIL VERNESONER

Dette kapittelet gjeld spesielt for bygningar og tekniske anlegg. Det er også teke med relevante problemstillingar for uteareala, men omhandlar i liten grad dei private hagane. Retningslinjer for utvikling av private hagar og uteareal er nærare omtala under kap. 3.2.

VERNESONE A

Endringar skal skje i minst mogleg grad. Det er tillete med tilbakeføringar etter søknad om dispensasjon.

VERNESONE B

Mindre endringar kan tillatast forutsett at dei tilpassast kulturmiljøet, og etter søknad om dispensasjon. Utvikling av kraftproduksjon for Tinfos 1 i tråd med samfunnsutviklinga.

VERNESONE C

Tillete med endringar og utvikling som ikkje skjemmer kulturmiljøet eller strid imot formålet med fredinga, og som er i tråd med forskrifta og forvaltningsplanen.

VERNESONE A1

Bustadar i byrjinga av Kanalveien frå 2 - 27. Innanfor sona skal bustadane takast vare på slik dei framstår i dag eller eventuelt tilbakeførast til dokumentert tidlegare stand etter søknad om dispensasjon. Det er utarbeida ein vegleiar for korleis garasjane i Kanalveien 11 – 27 skal utformast,

denne er retningsgivande for korleis eventuelle garasjar skal utformast innanfor heile området. Det kan bli utarbeida ei fargeanalyse for bustadane innanfor området. Gjerder kan tilbakeførast til tidlegare dokumentert standard etter søknad om dispensasjon og etter ein heilskapleg plan.

VERNESONE A2

Arbeidarbustadane i Kanalbyen burettslag oppført mellom 1910 -1920.

Kanalveien nr 57 har alltid vore i privat eige men er å betrakte som ein del av Hyttebyen/ Kanalbyen i forvaltningsplanen.

Det er ein del ulikskap i detaljering som kjellarvindaug og kjellerdører, inngangsdører, trapper og gelender samt takstein og takrenner. Mangfaldet i detaljering gjer området levande og truverdig, det framstår som autentisk og må takast vare på. Standardiseringar bør unngås. Det er viktig å ta vare på det heilskapelege preget utan å gjere detaljane i bygningane like etter kvart som materiale må skiftast på grunn av vedlikehald.

Ved første blick framstår bustadane i Hyttebyen/Kanalbyen som relativt einsarta. Men dei er på fleire måtar ulike både når det gjeld dører, vindaug, takstein og gelender.

Forvaltningsplanen tilrår at Kanalbyen burettslag set heilskapelege rammer for utvikling av området.

Gjerder

Dersom det skal settast opp gjerder slik det har vore tidlegare, skal det gjerast etter ein heilskapleg plan og gjennomførast for heile Hyttebyen/Kanalbyen området samtidig. Det er ein fordel om også Kanalveien 57 blir med i ein slik plan og eit slikt tiltak.

Uthus

Det kan gis dispensasjon for å sette opp 2 uthus fordelt på 4 bustadar henhaldsvis mellom Lienveien 38 og 40 og mellom Kanalbyen 5 og 7. Eit mindre uthus med pulttak kan settes opp for Kanalveien 47. Kledning skal skille seg frå bustadhusa og utførast med ståande lektekledning med smal overligger. Dør må være labankdør. Vindauga må ikkje være for store og bestå av små ruter med slanke sprosser. Taktekking i flat «Fredrikstadtegl», eventuelle takrenner i galvanisert stål. Grunnmur i naturstein, anten ringmur eller punktfundamentering.

Maling

brukt på husa etter at boligbyggelaget overtok er for kledning Butinox J154 etterrød. På mur er det mala Gardex perlegrå, for kjellardører og kjellarvindauga er det mala med mosegrønn Vari. For vindauga kvit 0500. Denne fargesettinga skal også brukast for framtida. Når det gjeld kvalitet og type maling kan denne tilpassast materiala dersom det er behov for ein kvalitet som er betre tilpassa desse. Fargesetting skal være som ved fredingstidspunktet.

Takrenner

er enten svarte platisol (plastbelagt stål) eller galvanisert stål. For ettertida skal det ved behov for utskifting nyttast ubehandla sinkrenner eller sinkrenner mala i husets farge.

For rekkverk


i Hyttebyen/Kanalbyen kan det tillatast tilbakeføring etter dokumentert tidlegare utføring, uttrykk og kvalitet slik det var ca 1920 eller ca 1950. Sjå vedlegg 6.

Ytterdører i Hyttebyen/Kanalbyen

har opprinneleg vore trefyllingsdør i sveitserstil slik som Kanalbyen nr 13 har i dag. På midten av 1900-talet blei opprinneleg overbygd inngangsparti innebygd for husa. Original inngangsdør blei då innebygd. Den nye ytterdøra som blei sett inn hadde ofte vindauga, slik som dør i Tinnesgata 53, Kanalbyen 4, Kanalbyen 11 og Kanalveien 59. Etter at burettslaget har overtatt bygningane har det blitt etablert ein praksis med å sette inn ei typedør basert på formgivinga av ei type dør frå eit av husa. For ettertida skal dør som står i bygningen i dag behaldast eller det skal lagast ein nøyaktig kopi av originaldør dersom den ikkje kan settast i stand. Det kan søkast dispensasjon for å sette inn kopi av dør frå ca 1950-talet i hus med påbygd inngangsparti.

Labankdørene i kjellarane og dei ulike kjellarlemmane

er i stor grad slik som dei var opprinneleg. Desse er viktige å ta vare på eller ta nøyaktige kopiar av dersom dei etter antikvarisk vurdering blir anbefalt skifta ut.



Kanalbyen 13



Kanalbyen 11



Kanalbyen 55



Kjellardør Kanalveien 13.



Kjellardør Lienv 46.



Kjellarlem Kanalbyen 2.



Kjellarlem Kanalveien 63.

Vindaugo

i bustaddelen av husa er frå midten av 1900-talet med varevindaugo. Kanalbyen nr 13 har kopiar av vindaugo som truleg er nærare dei opprinnelege. Storleiken på største vindaugo i stoverom kan ein sjå på gamle bilete er større enn opprinneleg, men elles er det relativt likt i uttrykk. Dei opprinnelege vindauga var truleg enkle. Vindaugo i kjellar og i loftsrom er i større grad originale. Det er viktig å behalde originale vindaugo i kjellar og på loft for å behalde dei individuelle særtrekka ved husa. Vindaugo i bustaddelen av huset frå 1950 talet er å rekne som autentisk uttrykk for utviklinga og skal takast vare på.

Tak

har dei siste åra blitt utbetra. Dei fleste har fått ein standard teglstein som heiter Koramic modell 44, raud uglasert. For ettertida skal det ved behov

for utskifting av takstein leggst teglstein som er lik original teglstein eller ubehandla enkeltkrum. Den flate originale teglsteinen skal lagrast, gjerne i fellesboda på området, og brukast som dokumentasjon og mal for framtidig teglstein i Hyttebyen/Kanalbyen.

Hagane og uteareala i Hyttebyen/Kanalbyen

skal behalde sitt enkle preg. I dag er det i liten grad gjerder innanfor området noko som gjer at området oppleves som åpe og romslig. Området er sårbart visuelt i forhold til elemt som søppelstativ, sandkasser for strøing om vinteren, belysning og lignande, det bør utarbeidast ein mal for slike. Dersom det skal settast opp gjerder skal dette gjerast etter ein heilskapleg plan og etter søknad om dispensasjon.



Originalt teglsteinstak Lienveien 42

VERNESONE A3

Arbeidarbustadar i Tinnegata med fleire einingar i kvart bygg. Bygningane skal bevarast slik dei framstår i dag med stor grad av autentisitet. For fleire av arbeidarbustadane med fleire bueiningar i kvart bygg er det montert spesielle trappe-løysingar ved inngangspartia. Dette er særlege for bebyggelsen ved Tinfos og må spesielt takast vare på i si opprinnelege form. Dersom det er behov for å skifte ut eksisterande gjerder skal dette gjerast etter ein heilskapleg plan og gjennomførast for alle tre eigedomane samtidig.

VERNESONE A4

Kraftstasjonen Tinfos 2 med ventilhus, demningar, flaumløp og Holtakanal. Oppført 1911 - 12, ombygd for siste gang i 1926.

Tryggleiken knytt til kraftanlegga blir i løpet av 2007 behandla i ein revurderingsrapport. I samband med revurderingsrapportar vil det være behov for tiltaksplanar. I samband med arbeidet med siste revurderingsrapport viser det seg at fylingsdammane har for lite fribord, dvs. er for lav i tillegg er dei i dag for smale på toppen. Tappe-luke ved dam frå 1955 er designa for 24 timers vakthald, dersom vatnet stig kan det i verste fall ta berre 9 minutt før vatnet renn over demninga. I dag er det elektronisk overvaking og ingen tilsvarende elektronisk beredskap for å opne flaumløpa. Tiltaksplanar skal utarbeidast i samarbeide med kulturvernstyresmakta og kan i nokre tilfeller utløyse krav om dispensasjon.



Lagra gamal teglstein frå Hyttebyen/Kanalbyen

VERNESONE A5

Industri- og kraftverksbygg oppført mellom 1888 – 1937. Bygningane skal bevarast slik dei framstår i dag. Det bør utarbeidast vedlikehaldsplanar for bygningane med beskriving av materialval, fargar og metodar. Uteareala og plassane skal være gruslagte og i minst mogleg grad «stylast» med element som kantstein og steinlegging.

VERNESONE A6

Tømmerrenna frå Tinfos til Kloumannsjøen skal takast vare på slik den framstår i dag. Det kan til-latast moderate justeringar for å ivareta funksjo-nalitet og tryggleik i forhold til bruk av tømmerrenna.

Tømmerrenna passerer kontrollsentral oppført i 1991 ved nye Tinfos 1. Del av tømmerrenna (20 meter) kan løftast vekk ved behov for passe-ring av brannbil. Det er mogleg å la denne delen av tømmerrenna bli lagra på forsvarleg måte med krav om at delen settes tilbake på plass ved behov for gjennomkjøring av vatn, tømmer eller anna. Eventuell utforming av ei slik lagringsløyseing skal gjerast i samarbeide med kulturvernstyresmakta. Kostnadane ved fjerning og henting av denne delen skal berast av eigar av kraftstasjonen og kontrollsentralen.

VERNESONE A 8

Fløterbu og uthus ved Kloumannsjøen. Bygningane skal takast vare på slik dei framstår i dag, med stor grad av autentisitet.

VERNESONE B 1

Tinneselva, Sagafossdammen, skråningar, uteareal, Bustadar i O. H. Holtasgate og Stallbakken. Tinneselva og vasspeil i Sagafossdammen skal ivaretakast i størst mogleg grad slik dei framstår i dag. Det skal gis moglegheit til å følgje opp nye sikkerhetskrev etter vannressurslova og gis moglegheit for noko utvikling dersom det ikkje i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga. Det kan eventuelt settast opp mindre uthus i O. H. Holtasgate, etter søknad om dispensasjon og etter ein heilskapleg plan for heile gata. Det er planlagt eit fristrømsanlegg innanfor vernesona. Slike anlegg knytt til kraftproduksjonen vil kunne tillatast etter søknad om dispensasjon. Sjå fredingsforskrifta § 6a nr 6 og § 7 nr 3-6. Naturareala skal skjøttast på ein slik måte at dei ikkje gror igjen eller at bygningar og anlegg blir skada. Områda bør ikkje snauhogkast då dette oftast medfører at undervegetasjon veks til og området får svært tett vegetasjon som er vanskeleg å skjøtte.

Planlagte gangbru i vernesone B 1

Det er gjennom reguleringsplan vedtatt å oppføre gangbru frå Linna (trase for opprinneleg hestetransportbanen) til grøntområde syd for fotballbane. Dette kan det gis dispensasjon for. Det kan også gis dispensasjon for bru frå Tinnesgata til same grøntområde.

Stallbakken 1

kan tillatast reve etter søknad om dispensasjon. Stallane husa opprinneleg hestane som blei brukt til hestejernbana frå kaia ved Heddalsvatnet og fram til sliperiet ved Tinfos. I dag er bygningen brukt til garasjar og bustadar. Føresetnaden for å få rive bygningen er at det blir sett opp ein ny bygning med tilsvarende volum, høgder og bredder. Bygningen skal tilpassast og underordne seg kulturmiljøets uttrykk og karakter. Det vil være berikande for kulturmiljøet at eventuell ny bygning utformast på ein slik måte at formgevinga henspiller på dei opprinnelege stallane.

VERNESONE B 2

Bygningane i Kanalveien 33 - 41 og Lienvegen

33 og 35 skal i hovudsak framstå slik dei gjer i dag med omsyn til fargeval og utføring. Fasadeendringar mot Kanalveien kan ikkje tillatast, med unntak av dokumenterte tilbakeføringar. Det kan eventuelt tillatast oppføring av mindre uthus eller garasjar, etter ein heilskapleg plan for område B2 og etter søknad om dispensasjon. Slike uthus eller garasjar skal ikkje i vesentleg grad endre opplevinga av kulturmiljøet, spesielt sett frå Kanalveien.

VERNESONE B 3

Uteområda bør ikkje snauhogkast då dette oftast medfører at undervegetasjon veks til og området får svært tett vegetasjon som er vanskeleg å skjøtte. Sjå elles uttrykt vedlegg A.

VERNESONE B 4

Det skal være mogleg å følgje opp nye sikkerhetskrev etter vannressurslova og gis moglegheit til utvikling dersom det ikkje i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga. Uteareala skal skjøttast på ein slik måte at landskapet ikkje gror igjen eller at bygningar og anlegg blir skada. Uteareala ved Kloumannsjøen med vassverksbygg, vegfar, vegetasjon, stabbesteinar og gjerder. Stabbesteinar, vegar og gjerder bevarast på ein slik måte at autentisitet og uttrykk blir behalde.

VERNESONE B 5

Kraftstasjonen nye Tinfos 1 med dam og flomluker frå 1955. Det er rom for å utvikle kraftproduksjonen og imøtekomme nye sikkerhetskrev. Bygg, dam og flaumløp skal ikkje i vesentleg grad endre uttrykk og form. Ved behov vil funksjon kunne endrast i forhold til krav om sikkerheit og ved utvikling av kraftproduksjonen. Kraftstasjonsbygningen, betongplatedam, andre dammar og flomluker skal bevarast sjølv om dei ikkje lenger har funksjon.

VERNESONE C 1 OG C 2

For Tinnesgata 35 – 45 og Lienveien 48 – 52 er det rom for utvikling og oppgradering av eigedomane. Tiltak som kan være tillatt etter fredingsforskrifta vil kunne være søknads og meldeplikt-

ge etter plan og bygningslova. Vesentleg utbygging mot Tinneselva krev dispensasjon.

VERNESONE C 3

For Tinnesøyren med svømmehall og idrettsanlegg er det rom for utvikling og oppgradering av bygningar og øvrige anlegg, etter søknad om dispensasjon. Nye anlegg skal tilpassast kulturmiljøet og ikkje stride imot formålet med fredinga.

VERNESONE C 4

Grunnen som tømmerrenna står på frå Hyttebyen/Kanalbyen og fram til Kloumannsjøen. Landskapet skal skjøttast slik at tømmerrenna ikkje blir skada. Det skal gis tilgang til grunnen slik at vegetasjonen kan skjøttast. Store trær som står i fare for å falle ned og skade tømmerrenna med tilhøyrande anlegg skal kunne fellast. Vegetasjonen bør haldast på eit nivå som gir god sikt til tømmerrenna og god sikt til landskapet frå tømmerrenna. Områda bør ikkje snauhoggast då dette oftast medfører at undervegetasjon veks til og området får svært tett vegetasjon som er vanskeleg å skjøtte.



Vernesone A2. Hyttebyen/Kanalbyen i front med Kanalveien 57 til venstre. Bak ligg vernesone C2 med Lienveien 48, 50 og 52.



Vernesone A3: Steinmur i Tinnesgata 49 med tilgrensing til Stallbakken

3.2 UTVIKLING AV HAGAR OG UTEAREAL – KNYTT TIL FORSKRIFTSBESTEMMEL- SANE OG 4 HAGEDØME

Under dette kapittelet er fredingsbestemmelsar knytte til hagar og naturområde utdjupa. Det er utarbeida 4 hagedøme som skal være retningsgivande for korleis hagane skal utviklast, sjå vedlegg 8-12.

Forskrifta § 5-5: Det er ikkje tillete å la landskapet gro igjen slik at det hindrer opplevinga av kulturminnene eller å la vegetasjon stå i fare for å skade kulturminnene.

I forvaltningsplanen under kap. 3.3.4 og i rapport om Hagar og uteareal vedlegg A er det nærare skildra korleis dei ulike uteareala bør skjøttast for å hindre at landskapet gror igjen. Dersom vegetasjonen står i fare for å skade byggverk og tekniske anlegg kan styresmaktene iverksette skjøtsels tiltak, jfr. kap. 3.4.

Forskrifta § 5-6: Det er ikkje tillete å endre hovedstrukturen til dei tidstypiske hagane, endre strukturerande vegetasjon eller andre strukturerande element i hagane.

Hovedstrukturen til dei ulike hagane er skildra i 4 hagedøme i vedlegg 8-12. Hovedstrukturen kan bl.a. bestå av soner i hagen, innramming, plassering og utforming av tilkomst, måten frukttrær og buskar er planta i strukturerande mønster, opne grasfelt, plassering av murar, grusgangar og blomsterbed.

Forskrifta § 5 -7: Det er ikkje tillete å fjerne eller plante buskar og trær i hagar, i parkareal, langs vegfar og stiar og i andre uteareal, dersom dette er i strid med formålet med fredinga eller der anna ikkje er spesifikt nemnt under § 6.

I utgangspunktet er det ikkje tillete å fjerne noko av den freda vegetasjonen. Det vil imidlertid være behov for skjøtsel av vegetasjonen som også vil innebære fjerning av vegetasjon og eventuelt erstatte den med ny vegetasjon av same art.

Under § 6 i forskrifta vil det være nærare skildra tiltak som vil kunne tillatast og eventuelt føresetnader for dette. Under § 7 vil det være skildra mindre vesentlege tiltak som det kan søkast dispensasjon for, dersom særskilte grunner føreligg.

Forskrifta § 5 -8: Det er ikkje tillete å plante store mengder vintergrøne planter, med spesielle vekstformer, td. krypande eller søyleforma.

Store mengder vintergrøne vekster vil kunne ha ein dominerande og utilsikta verknad på opplevinga av kulturmiljøet. For dei eldste hagane er det ikkje tidstypisk med vintergrøne vekster i store felt. Det er derimot ikkje uvanleg med ein eller to slike vintergrøne vekstar i hagane frå slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Det er heller ikkje vanleg med store mengder vintergrøne vekster i samanhengande felt i dei offentlege areala som er eigd av Tinfos. For enkelte av hagane og uteareala frå 1950 talet er det derimot typisk med store felt av t.d. krypfuru, for slike hagar kan det søkast dispensasjon dersom det er behov for utskifting av eksisterande vegetasjon eller tilbakeføring av vegetasjon. For hekkar i dei eldre hagane kan det også søkast om dispensasjon for eventuelt tilbakeføring av til dømes ein granhekk.

Forskrifta § 6a -8: Fredinga er ikkje til hinder for vanleg stell og skjøtsel av vegetasjon som hindrer gjengroing, hindrer at kulturminne blir skada og/eller er i samsvar med rette hagedøme.

Med vanleg stell meiner bl.a. arbeidet med planter og blomster. Planter og blomster kan plantast og skjøttast etter behov så langt det ikkje plantes i uvanleg store mengder. Det er utarbeida plantelister for rette hagedøme som er retningsgivande, men ikkje endeleg. Å oppretthalde hagen i samsvar med rette hagedøme er også å sjå på som vanleg stell og skjøtsel, med mindre det er snakk om strukturdannande element som skal fjernast, eventuelt erstattast. Då vil det være behov for å kunne dokumentere denne endringa over tid, det er difor stilt krav om at slike endringar skal

gjerast i samarbeide med kulturstyresmakta. (sjå § 6b -2 og 3).

Vanleg stell og skjøtsel kan også være periodisk skjøtsel for å behalde den aktuelle vegetasjonen eller det kan være uttynning av vegetasjon for å behalde ein spesiell type kulturlandskap.

Planter, trær og øvrig vegetasjon i dei offentlege og private areal skal haldast på eit nivå som hindrer gjengroing eller at bebyggelsen og anlegg blir skjult eller står i fare for å bli skada.

Forskrifta § 6a -9: Fredinga er ikkje til hinder for å fjerne vegetasjon rundt tømmerrenna frå Hyttebyen/Kanalbyen til Kloumannsjøen.

For grunnen der tømmerrenna står på skal det gis tilgang til terrenget når det er behov for skjøtsel og vedlikehald av vegetasjon. Det er eigar av bygg og tekniske anlegg som er ansvarleg for at desse ikkje utsettes for skade.

Forskrifta § 6a -10: Fredinga er ikkje til hinder for å sette opp trampoliner og anna laust utstyr som ikkje er fastmontert i grunnen.

Slike tiltak kan til dømes være partytelt som bare bardunerast og anna laust utstyr. Ei dokkestove er ei bygning som kan ha ein type fundament som ikkje grip inn i grunnen, men den defineres likevel til å ha ein meir permanent karakter og kan derfor ikkje tillatast etter denne bestemmelsen. Hagane har ofte ein bakhagedel, det er ein fordel om slikt laust utstyr plasseres i bakhagen og ikkje får ein alt for dominerande plass i hagen. Hyttebyen/Kanalbyen vil ikkje kunne tåle like mykje laust utstyr som dei større hagane.

Forskrifta § 6b: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er kulturmiljøfredinga ikkje til hinder for:

Bestemmelsane frå § 6b-2 til og med § 6b -6 gjeld tiltak for hagar og uteareal. Slike tiltak skal kunne tillatast, men dei skal gjerast i samråd med kulturvernstyresmakta der tiltak og endringar skal dokumenterast. Dokumentasjon er naudsynt for å kunne dokumentere endringar over tid. Dette betyr at det er val av løysing som det må bli semje om. Det vil kunne være tilfeller som ikkje

blir tillete fordi det ikkje blir oppnådd semje om løysing.

Forskrifta § 6b -2: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er fredinga ikkje til hinder for fjerning av strukturdannande trær og anna vegetasjon som er sterkt skada eller som står i fare for å skade bygningar og tekniske anlegg, eller ved fare for liv og helse.

Dersom strukturdannande vegetasjon er sterkt skada eller det eventuelt kan dokumenterast at vegetasjon er sterkt skada kan denne fjernes. Det kan stilles krav om nyplanting. Det skal gis tilgang til grunn når vegetasjon skal kunne fjernes dersom vegetasjonen står i fare for å skade freda bygg og tekniske anlegg. Det er eigar av tømmerrenna eller andre eigarar av bygg og tekniske anlegg som skal sjå til at eigedomen deira ikkje blir skada. Dersom kulturvernstyresmakta meiner det er naudsynt vil dei sjølve kunne gå inn å fjerne og skjøtte vegetasjon. For detaljar om dette sjå kap. 3.4 om kml §§ 14 og 21.

Forskrifta § 6b -3: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er fredinga ikkje til hinder for naudsynt nyplanting til erstatning for sterkt skada strukturdannande buskar og trær, med planter av same art.

Dersom det blir fjerna strukturdannande trær eller anna strukturdannande vegetasjon i hagane kan det plantast ny vegetasjon av same art på ein slik måte at dei ivaretek tidlegare struktur. Med same art meiner her planter som er tilsvarande men ikkje dermed genetisk rette. Eit epletre kan for eksempel erstattast av eit anna frukttre.

Forskrifta § 6b -4: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er fredinga ikkje til hinder for utvikling og/eller tilbakeføring av hagestrukturen i henhald til rette hagedøme.

Dette gjeld for tiltak som går utover arbeidet med planter og gjeld strukturen i hagen. Det er utarbeida 4 hagedøme som viser typisk struktur for

dei ulike typehagane. Desse skal være bestemmande i den vidare utviklinga av hagen, jfr. rapport om Hagar og uteareal, uttrykt vedlegg A.

Forskrifta § 6b -5: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er fredinga ikkje til hinder for periodisk skjøtsel av vegar og stiar, vegetasjon og kulturlandskap utanom hagar for å hindre gjengroing. Etter at skjøtselplan er utarbeida er det ikkje naudsynt med dokumentasjon av periodisk skjøtsel.

Det er ein fordel for dei som skal forvalte området enten det er private eller offentlege forvaltarar at dei har kunnskap om korleis landskapet er blitt skjøtta. Dersom det utarbeidast ein skjøtels- og vedlikehaldsplan for området vil forutsigbarheita knytt til korleis området utviklar seg bli større.

Forskrifta § 6b -6: Når det er gitt skriftleg samtykke frå kulturvernstyresmakta er fredinga ikkje til hinder for oppsetting av huskestativ, dokkestover, sandkasser, pergola, hundegard og liknande der plasseringa er i tråd med hagedøme og det elles ikkje strid imot formålet med fredinga.

Denne bestemmelsen gjeld for mindre installasjonar som fører til at det blir gjort inngrep i grunnen.

Forskrifta § 6c -7: For vernesone C er fredinga ikkje til hinder for fjerning av vegetasjon

I denne vernesona er det viktigast at det ikkje plantes ny og dominerande vegetasjon. Dersom det er eit ønske om å fjerne vegetasjon vil dette ikkje få betydning for fredingsformålet og kan difor tillatast.

Forskrifta § 6c -8: For vernesone C er fredinga ikkje til hinder for planting i uteareal, friareal, skråningar og vegfar, med unntak av vintergrøne planter i store felt eller hekkar.

Det er tillete å plante alle typar planter i desse områda også hekkar m.m. Det er imidlertid ikkje tillete å plante hekkar eller store mengder vintergrøn vegetasjon.

Forskrifta § 7 – 9: Det kan søkes dispensasjon for å sette opp eller tilbakeføre gjerder etter søknad om dispensasjon til dokumentert tidlegare utføring..

Dersom det skal settes opp gjerder i eit område skal det både søkast dispensasjon for dette og det skal kunne dokumenterast at det er ei tilbakeføring til tidlegare tilstand og uttrykk. I tillegg er gjerder i området i stor grad heilskapleg formgitt, det skal derfor være semje blant bebuarane om å sette opp gjerder det gis dispensasjon for innanfor ei gitt tidsramme.

Forskrifta § 7 – 10: Det kan søkes dispensasjon for planting av vintergrøne planter i store mengder, hekkar m.m.

Dersom det ikkje strider imot formålet med fredinga og/eller store mengder vintergrøn beplantning ikkje får visuelle konsekvensar for kulturmiljøet vil dette kunne tillatast.

Forskrifta § 7 – 11: Det kan søkes dispensasjon for fjerning av strukturdannande buskar og trær i hagane.

Det kan tillatast å fjerne strukturdannande vegetasjon i hagen under føresetnad av at vegetasjonen blir erstatta og/eller strukturen ikkje blir vesentleg.

Dersom tilstand til trær og buskar er grunngevinga for ønsket om å fjerne desse skal tilstanden dokumenterast før eventuell dispensasjon gis.

Forskrifta § 7 –12: Det kan søkes dispensasjon for tilplanting av uteareal som elles har viltveksande vegetasjon eller er graskledd.

Det skal for naturområda ikkje beplantast med nye vekstar. Det skal i regelen ikkje tillatast å beplante område med viltveksande vegetasjon, men ta tida til hjelp for å få den viltveksande vegetasjonen til å gro fram av seg sjølv.

Forskrifta § 7 –13: Det kan søkes dispensasjon for endring av standard eller karakter for gater, vegar og stiar.

Gatestandard, vegstandard og karakteren til stiar er ein del av den heilskaplege karakteren til områ-

det. Karakteren til området bør i størst mogleg grad gjenspegle ein karakter som stemmer overens med området slik det framsto fram mot midten av 1950-talet. Det vil være ein fordel å tilbakeføre stabbesteinar som vegavgrensing for å få fram karakteren til området slik den var tidlegare.

Forskrifta § 7 –21: Det kan søkes dispensasjon for midlertidige installasjonar i hagar og uteareal som krev fundamentering.

Midlertidige installasjonar kan i nokon grad tillatast dersom det ikkje i vesentleg grad strid i mot formålet med fredinga. Det skal takast høgde for at summen av fleire mindre vesentlege tiltak kan medverke til at desse i sum i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga. Fundamenteringa skal ikkje i vesentleg grad endre strukturen i hagen.

*Forskrifta § 14 Skjøtsel og vedlikehald
Det kan kan utarbeidast skjøtelsplanar og vedlikehaldsplanar der dette er naudsynt. Slike planar skal godkjennast av regional kulturvernstyresmakta.*

Pålegg om utbetring, vedlikehald og skjøtsel av freda byggverk og anlegg følgjer bestemmelsane i kulturminnelova §§ 16-18 og § 21.

Når skjøtsel- og vedlikehaldsplan skal utarbeidast skal dette skje i samarbeide med kulturvernstyresmakta. Det er eigarane som må ta initiativ til ein slik plan. Det kan søkast kulturvernstyresmakta om støtte for å utarbeide ein slik plan.

Dersom kulturminneverdiar er trua kan kulturvernstyresmakta iverksette pålegg og tiltak. Først skal eigar informerast og veiledast. Deretter vil det bli gitt pålegg. Dersom dette ikkje fører fram kan kulturvernstyresmakta sjølv utføre vedlikehaldstiltak eller skjøtselstiltak for eigars regning. Sjå nærare detaljar nedanfor i kap. 3.4.

3.3 VEDLIKEHALD

3.3.1 Gode råd og omgreps-avklaringar knytt til vedlikehald

Det er viktig å *ikkje* innføre nye vedlikehaldsmetodar, nye materialar, ny utforming og fargesetting som endrar kulturminnet. Små detaljar eller endring av nyanser i fargen vil kunne forringe verdien av kulturminnet. Mange små endringar over tid kan endre kulturminnet og verdiene knytt til det på ein slik måte at det totalt sett endrast dramatisk.

For fredinga er det viktig å behalde kunnskapen og være i stand til å forstå den. Dette gjer ein best ved å behalde kulturminnet så autentisk som mogleg. Kulturminnet skal representere si tid og gi innsikt i tidas tradisjonar. Kulturminnet fortel om kulturen, tenkemåte og levekår. Endringar vil forringe kulturminnet som kjelde til denne kunnskapen.

Delar av kulturminnet har stått der i over 100 år, intensjonen er at heile kulturminnet skal stå i fleire hundre år til og det skal være mogleg å finne faktiske opplysningar i kulturminnet sjølv, i materiala og utforminga av desse med alle dets aspekt. Det skal i minst mogleg grad skapast illusjonar, kopi, eller tolkingar av korleis vi trur det kan ha sett ut. Ved endringar skal endringane dokumenterast for å gi kunnskap om utviklinga av kulturminnet/kultumiljøet, sjå kap. 3.7.

Forskrifta § 6a,-1: Fredinga er ikkje til hinder for vanleg vedlikehald av byggverk og anlegg. For vedlikehald der materialar ikkje er opprinnelege skal det vedlikehaldast på ein slik måte som var vanleg då materialet eller bygningsdelen var ny, eventuelt slik det var vanleg på fredingstidspunktet. Dersom det etter søknad om dispensasjon blir tillete tilbakeføring til ein tidlegare bygningsmetode, materialbruk eller fargesetting skal huset eller anlegget i ettertid vedlikehaldast slik dispensasjonen tillet.

VANLEG VEDLIKEHALD

I omgrepet inngår metodar, utforming, fargeset-

ting, material og materialkvalitetar. Enkelte av objekta og anlegga har stor grad av autentisitet, då skal det velgast material og materialkvalitetar, metodar, utforming, fargesetting som er opprinnelege dersom det er behov for vedlikehald, utskifting av rotne eller øydelagde delar. Når materiala er originale skal det ikkje skiftast ut meir av materiale enn det som er naudsynt etter antikvarisk skikk.

For enkelte objekt og anlegg er endringar og utvikling gått langt i forhold til det opprinnelege. Då skal det tillatast å vedlikehalde slik objekta eller anlegga normalt blei vedlikehalde på fredingstidspunktet.

ANTIKVARISK VEDLIKEHALD

Med dette meines reparasjonar og vedlikehald med same metodar, same material og materialkvalitetar, utforming og fargesetting som opprinneleg. Det skal ikkje skiftast ut meir av materiale enn det som er naudsynt.

PERIODISK VEDLIKEHALD

er vanlege vedlikehaldsoppgåver som det vil være behov for med jamne mellomrom og som kan planleggast.

ISTANDSETTING

er definisjonen på istandsettingsoppgåver som går utover periodisk vedlikehald. Slike tilfeller kan eksempelvis være istandsetting etter langt framskrede forfall eller istandsetting etter uforutsett skade som har oppstått. Istandsettingsarbeid vil normalt krevje dispensasjonshandsaming dersom anna ikkje er nemnt i forskrift eller forvaltningsplan.

ANLEGG

Anlegg er bl.a. både tekniske anlegg, hagar og uteareal. Omgrepet anlegg vil falle inn under både omgrepet miljø og omgiversar i formålet med fredinga.

UTEAREAL

Kan være hager, idrettsanlegg, fjellskrentar, elva og vatnet, kan innehalde rester av naturmark,

TEKNISKE ANLEGG

I denne sammenhengen er dette bl.a. tømmerrenna, demningar, kanalar, bruer og andre installasjonar knytte til kraft- og industridrifta.

HANDVERKSKOMPETANSE

Fagfolk med dokumentert kompetanse på antikvarisk restaurering bør brukast ved istandsetting og vedlikehaldsarbeid. Be gjerne handverkarane om referanseprosjekt. Det finns i dag fleire nettsider som jamt blir oppdatert og som både har lister over handverkarar og informasjon om handverksmetodar og anna relevant informasjon om antikvariske handverksmetodar. Sjå lenker nedanfor.

LOKALT SAGBRUK

Det bør etablerast kontakt med eit lokalt sagbruk som kan skaffe tilveie materialar med kvalitetar slik dei var opprinneleg i kulturmiljøet. Sjølv om dei eventuelt kostar litt meir enn standardmaterialar ved innkjøp er dei over tid meir kostnadsbesparande fordi dei varer lengre.

RELEVANT NETTINFORMASJON

www.ra.no

www.gamletrehus.no

www.maihaugen.no

www.fortidsminneforeningen.no

3.3.2 Vedlikehald av bygg og tekniske anlegg utvendig

Riksantikvarens nettsider og boka «Gamle trehus» gir konkrete og gode råd og vegleiing om korleis bygg og bygningdelar best kan takast vare på, sjå også lenkehenvising i kapittelet ovanfor. Nedanfor blir råd om kvalitetar og vedlikehald skildra i meir generelle vendingar, sjå også kap. 3.1 om rammer for utvikling av vernesonenen.

FARGESETTING

Der ein har ein farge på huset som ikkje er opprinneleg kan ein fortsette å male med denne fargen. Dersom ein ønsker å endre ei fargesetting som ikkje er opprinneleg til ein tidlegare doku-

mentert fargesetting, kan dette eventuelt tillatast etter søknad om dispensasjon jfr. *forskrifta* § 7. Ein slik tillating/dispensasjon vil være begrunna i at tidlegare fargesetting kan dokumenterast og at det blir gjort ei vurdering med omsyn til fargesetting for kulturmiljøet som heilheit. Dette betyr at dersom det er eit ønske om å endre fargesetting på funksjonærbustadane i Kanalveien eller arbeidarbustadane i Tinnesgata må ein finne ut kva periode ein ønsker å tilbakeføre fargesettinga til for det heilskaplege området. Det må være semje blant alle huseigarane om at det er eit ønske om å tilbakeføre fargesetting dersom ei endring får konsekvensar for det heilskaplege uttrykket.

TREMATERIAL

Ved behov for utskifting av treverk skal det brukast tilsvarande materialkvalitet som opprinneleg. Det er tradisjon for bruk av furumateriale med høgt innhald av malm, noko som gir lang levetid. Materiala var tidlegare av ein langt høgare kvalitet enn dei vanlegvis er i dag. Levetida var mykje lenger og ved godt vedlikehald kan dei vare i mange hundre år. Materiale i vindauga, listverk og materiale som var spesielt utsett for vær og slitasjeskader var oftast av aller beste kvalitet. Tidlegare hadde handverkarane ein heilt annan kunnskap og materialforståing enn dagens handverkarar normalt har. For eksempel var det vanleg å kviste eller barkflekke ei furustamme på rot slik at materialet fyltes av kvae, før stammen etter nokre år blei felt. Dette gav eit svært godt impregnert trevirke.

BETONGMATERIALE

Betongmateriale i dammer vil ha behov for vedlikehald og i nokre tilfeller vil dei måtte skiftast ut. Betongdammen ved nye Tinfos 1 vil ha behov for utbetringar i løpet av 2020-30. Arbeidet med å utvikle metodar og strategiar for å sikre nyare betongkonstruksjonar i fredda bygningar og anlegg på ein antikvarisk forsvarleg måte blir det i dag jobba med både nasjonalt og internasjonalt. Ved behov for utbetringar av betongkonstruksjonar skal det søkast å tilpasse dette arbeidet til antikvarisk anbefalte metodar.

YTTERVEGGAR

Bygningane har enten trekledning eller stein-, tegl- og murveggar.

Trekledning var opprinneleg i faspanel, for det meste ståande eller husa hadde ukledde tømmerveggar som i Kanalveien nr 6 og for fløterbua ved Kloumannsjøen. For vedlikehald av original kledning skal mest mogleg av materialet behaldast. Må det skiftast skal det nyttast same mål på materialet og det skal nyttast tilsvarande trevirke som for eksempel malma furu eller tettveksande gamal gran. Det er ein fordel å bruke linoljemaling på slikt trevirke.

For **uhøvla tømmermannkledning** som er på fleire hus i dag og som erstattar opprinneleg kledning kan ein fortsette å vedlikehalde og skifte ut deler av dette med same materialar sjølv om det ikkje er opprinneleg. Dersom ein ønsker å endre på heile ytterkledninga kan dette eventuelt berre tillatast til dokumentert tidlegare utforming/materialbruk/kvalitet. Det skal i slike tilfeller søkast om dispensasjon.

Det er viktig at **ytterveggar på mursteinsbygga** beheld mest mogleg av original teglstein. Det var tidlegare vanleg å bruke ein kalkmørtel til oppmuringa. Dersom det er behov for å ta ned stein og fuga opp att skal det brukast kalkmørtel. Dersom det blir brukt betongmørtel vil denne feste seg til steinen og steinen vil stå i fare for å bli øydelagt ved framtidig nedtaking av stein ved restaureringsarbeid. Tidlegare blei teglstein handla og ofte produsert lokalt. Fargane og formene på steinen hadde større grad av variasjon. I dag finnes det svært få teglprodusentar og steinen har mindre variasjon i farge og form. Det blir derfor ei utfordring å behalde opprinneleg teglstein for å behalde det opprinnelege uttrykket.

For **pussa murfasadar** er det viktig å bruke opprinnelege materialar. Tidlegare var det vanleg å bruke kalkmørtel ved puss av murfasadar. Kalkmørtel har eit anna spenningsmoment enn sementpuss. Dersom ein blandar desse to materiala i same fasade vil spenningsforskjellane føre til sprekkdanningar. Dersom det dannes sprekker i sementpussa fasadar vil potensialet for fuktskadar være stort. Sementpuss virkar som ei heilt tett hinne og vil

halde på eventuell fukt som trenger inn.

Kalkmørtel fester seg lettare til underlag av tegl og har evna til å puste. Dersom ei kalkpussa fasade skal malast skal det brukast kalkmaling eller silikatmaling som pustar.

VINDAUGO

Eldre vindaugo har oftast materialkvalitetar som gjer dei overlegne i haldbarheit i forhold til dagens standardvarer. Eit godt vedlikehalde hundre år gammalt vindaugo vil kunne ha ei levetid på fleire hundre år.

Eldre **originale glas i vindaugo** har ei overflate som er ujamn. Dette skaper eit liv i glastruta og heile fasaden som gir huset sjel. Nytt glas vil framstå som flatt og dermed meir livlaust i eit fasadeliv. Dersom glas og originale materiale blir erstatta av nytt er det ei utfordring å lage den nye kopien med same type materialkvalitetar som den opprinnelege.

Isolasjonsevna til eldre vindaugo kan i mange tilfeller være like god som for vanlege doble standardvindaugo. Den lydisolerande effekten kan ofte være betre for eit gammalt vindaugo med varevindaugo enn eit nytt dobbelt standard vindaugo. For å få størst mogleg isolasjonseffekt av eit vindaugo er det viktig å ha innervindauga helt tett. Yttervindauga bør ha noko lufting slik at det ikkje dannes kondens.

Ved eventuelle erstatning av **originaldelar** med kopiar er det viktig å være nøyaktig med detaljane og ikkje lage illusjonar. Berre gjennom nøyaktig kopi av detaljering, materiale og kvalitetar kan ein behalde kulturminnets verdi over tid.

YTTERDØRER

Dørene er ofte indikatorar på kva stilperiode bygningen tilhøyrrer. På Tinfos er ytterdører opprinneleg i trematerialar og eventuelt glas. Dører har slitasjedeler som hengsler, handtak og låsanordningar. Tredører kan over tid slå seg, sige, få sprekker og få råteskader m.m. Eit problem som også er vanleg er at dørene trekker eller dei er treige på grunn av for mange malingslag. Som oftast kan alle desse forholda ordnast på utan at heile døra treng skiftast. Dersom døra er så øydelagt at den

må skiftast, skal opprinneleg dør kopierast i detalj. Originaldør skal oppbevarast som mal for eventuelle seinare kopiar. For Hyttebyen/Kanalbyen sjå kap. 3.1 under vernesone A2.

LISTVERK OG OMRAMMING

Originale omrammingar er ofte slitt i kantane av tidens tann og har ofte fått ujamne overflater på grunn av vedlikehald og mange malingsstøk over år. Originale materiale skal behaldast i størst mogleg grad. Dersom det er naudsynt å skifte ut originale materiale skal minst mogleg av dei skiftast ut. Kopiar skal lagast som nøyaktige kopier med same type materialkvalitetar som det opprinnelege. Det er viktig å være nøyaktig med detaljane og i størst mogleg grad gjenskape dei opprinnelege metodane/teknikkane.

TAKSTEIN

Takstein i området har i hovudsak bestått av flat «Fredrikstadtegl» eller enkeltkrum, anten ubehandla raud eller glasert svart. For ettertida skal det ved behov for utskifting nyttast tilsvarande opprinneleg, eventuelt enkeltkrum med tilsvarande opprinneleg overflate og farge.

TAKRENNER

Takrenner i området har tradisjonelt vore sinktakrenner som eventuelt blei mala i husets farge. I dag er det fleire variantar av takrenner. Ved behov for utskifting skal ein ha sinkrenner, anten ubehandla eller mala i husets farge. Plastrenner må unngås.

PIPER

Piper er i all hovudsak oppført i teglstein. Fleire av pipene er pussa og nokre er belagt med blikk/stålplater. Originalpipene i Hyttebyen/Kanalbyen bør spesielt takast vare på slik at dei beheld sitt autentiske preg som ubehandla mursteinspiper, då pipene i dette miljøet er spesielt synlege.

FUNDAMENT/GRUNNMUR

Det er viktig å sørge for at grunnmuren blir halden tørr. Dersom det er fuktinnsig frå terreng bør

ein snarast sørge for god drenering rundt grunnmur.

TRAPPER

Trapper i området har ulik utforming. Dei spesielle trappene som heng utanpå enkelte av arbeidarbustadane med opprinneleg fleire bueiningar er viktig å ta vare på då dei gir området og bygningane karakter. For Hyttebyen/Kanalbyen skal trappene utformast med tette inntrinn og opptrinn i eit lokalt tremateriale av malma treverk.

REKKVERK

Rekkverk som er opprinneleg skal behaldast. Det kan søkast om tilbakeføring av rekkverk til dokumentert tidlegare utføring, uttrykk og kvalitet.

I Hyttebyen/Kanalbyen er det spesielt viktig å ha ei bevisst haldning til korleis rekkverka blir utforma. Sjå vedlegg 6 om rekkverk i Hyttebyen/Kanalbyen.

LINOLJEMALING

Der det i dag er brukt ny type maling på trebygningane kan ein fortsette med dette. Det anbefales imidlertid å bruke linoljemaling dersom det er behov for å skifte ut kledning og den skal erstattes med høvla malma trevirke. Linoljemaling vil feste betre til malma tremateriale, då det trenger inn i treverket. Linoljemaling har dessutan kvalitetar som gjer at den pustar, den vil beskytte treet samtidig som den gir fukt moglegheit til å fordampe gjennom malingslaga. Ein ny moderne type oljemaling vil fungere som eit tett sjikt som fukt ikkje kan fordampe igjennom.

Opprinneleg har det truleg vore brukt linoljemaling på trebygningane. I dag blir det truleg brukt moderne type maling på trebygningane.

Linoljemaling som blei brukt opprinneleg festa seg godt til underlag som var malma og høvla. Tidlegare var det vanleg med høvla materialar. I dag er det vanleg å ha uhøvla plank både i fasadekledning og for rekkverk. Ny moderne oljemaling som blir brukt i dag har ikkje same evne til å trenge inn i treverket å feste som linoljemaling har, difor blir den uhøvla ru overflata viktig for at denne nye typen maling skal få feste.



Tinnesgata 51, utanpåhengt trapp typisk for arbeidarbustadar med fleire bueningar.

MALING PÅ MURBYGNINGAR

For dei pussa murbygningane er det truleg enten brukt kalmaling eller kalkcement opprinneleg. Det er viktig at det blir brukt ein mørtel med same spenningsmoment som den opprinnelege og ei maling som beveger seg og pustar slik som underlaget. Dersom ei tett maling blir vald på ei bygning med eit underlag som er meint å puste er det stor fare for at bygningen på sikt får fuktskadar. For dei pussa murbygningane skal det enten brukast kalkmaling, kalkcement eller silikatmaling.

KALKPUSS OG SEMENTPUSS

Opprinnelege pussa fasader skal fortsatt pussast som opprinneleg. Sement og kalk har ulike spenningsmoment og vil bevege seg ulikt ved temperaturrendringar, det vil difor dannes sprekker i fasadar som har blanding av desse materiala. Eit anna forhold er at dei opprinnelege fasademateriala har hatt evna til å puste, dvs. fukt vil fordampje gjennom materiala. Dersom denne eigenskapen blir fjerna ved at nye materialar gjer fasaden tett vil det være fare for at bygningen på sikt får fukt- og soppskadar.

UTHUS

Uthusa er ein viktig del av kvaliteten ved området og skal bevarast. Desse har stor grad av autentisitet. Det er viktig å behalde autentisiteten. Dersom det er behov for betre isolering av desse uthusa skal dette skje frå innsida. Originale dører skal eventuelt forsterkast på innsida slik at det utvendige preget blir behelde.

INNVEDIG STEINSETTING AV HOLTAKANAL OG UTVIDING AV KANALVEIEN

Kanalen er opprinneleg gravd ut av terrenget mot aust og steinsett innvendig med naturstein. Mot vest er det laga ei steinsett fylling som opprinneleg var tenkt å bli tett ved hjelp av elveslam. Tetting ved hjelp av elveslam fungerte ikkje då det var for lite slam i elva. Delar av kanalen er forsterka med betong. Kanalveien som går langs Holtakanal er relativt smal, men enkelte stadar der Holtakanal er forsterka med betong er vegen samstundes utvida og blitt breiare. Holtakanal mot Kanalveien og terreng mot aust er framleis i stor grad steinsett med naturstein. Kanalen skal i den grad det er mogleg vedlikehaldast og istandsettast med metodar som for den opprinnelege kanalen. Spesielt viktig er det å behalde steinsetting mot Kanalveien og terrenget mot aust. Kanalveien må ikkje utvidast på bekostning av original steinlegging av Holtakanal.

TØMMERRENNNA

Renna bør gjennomspylast årleg. Den vil bli best bevart ved at botnen av renna konstant blir halden våt, jfr. fotnote s. 23. Terreng og vegetasjon må skjøttast for å hindre gjengroing og skade på konstruksjon og rennekasse. Skråstøttene for rennevangane er spesielt utsett for at vatn trenger inn i endeveden.

Stålfagverkskonstruksjonar må beskyttast mot korrosjon; det antas at dette må gjerast med 15-20 års mellomrom. Eit par hundre meter nord for søndre bru er renna beskytta frå det bratte terrenget på austsida med ei forstøtning i tre, denne vil også trenge vedlikehald.

3.3.3 Vedlikehald av bygningar innvendig

INNVENDIG VEDLIKEHALD AV KANALVEIEN 49 OG KANALVEIEN 63

Prinsippet for innvendig vedlikehald av Kanalveien 49 og 63 er å bevare originale panel, listverk, dører og omramming. Dersom konstruksjonen blir berørt skal denne beholdast slik den var opprinneleg. Vedlikehald skal skje i samsvar med opprinneleg utføring, metode og materialbruk i samsvar med fredingsbestemmelsane.

Interiør kan malast og overmalast i valfri farge og maling. Det har opprinneleg vore malt med linoljemaling, men dei seinaste påførte malings-trøka er malt med ny type maling. Det vil difor ikkje bli stilt krav om malingstype dersom tidlige malingslag skal overmalast. Dersom malingslaga skal fjernast heilt skal det søkast om dispensasjon og malingsfarge skal dokumenterast.

Dersom treverk i panel, listverk og dører må skiftast ut på grunn av skade og slitasje skal originalt materiale i så stor grad som mogleg beholdast. Berre materialar som er skada skal tillatast skifta ut, eventuelt i form av spunsing der dette er mogleg.

Dører skal behalde originale trematerialar, glas, låseanordning, handtak og hengsler, eller den typen som var i huset ved fredingstidspunktet. Desse skal når det er naudsynt vedlikehaldast eller erstattast med nøyaktige kopiar ved skader og slitasje. Dersom ein ønsker å endre dagens materialar skal det i tilfelle søkast om dispensasjon.

INNVENDIG VEDLIKEHALD AV HALLEN I KANALVEIEN 15

Prinsippet for innvendig vedlikehald av hallen i Kanalveien gjeld som for arbeidarbustadane i Kanalveien 49 og 63 som vist ovanfor, med unntak av for konstruksjon.

INNVENDIG VEDLIKEHALD AV KANALVEIEN 29 OG TINFOS 2 MED VENTILHUS

Det skal brukast autentiske materialar, fargesetting og metodar. Det bør utarbeidast ein vedlike-

haldsplan for interiøra som beskriv fargar og vedlikehaldsmetodar. Sjå elles registreringskjema, utrykte vedlegg.

3.3.4 Vedlikehald av hagar og uteareal

Hagar og uteareal betyr her hagar i området samt naturareal, parkareal, vegar og plassar. Hagane og uteareala har også menneskeskapte element så som portar, gjerder, murar m.m.

Hagar og vegetasjon er i stadig vekst og vil derfor krevje anna form for forvaltning og vern enn bygg og tekniske anlegg. Nedanfor er ei skjematisk opplisting av kva som skal tas vare på og korleis ta vare på bevaringsverdiane i bl.a. naturområde, plassar, vegar og hagar. For utfyllande detaljar sjå rapporten om Hagar og uteareal vedlegg A. For utfyllande forklaring på bestemmelsane i forskrifta og dispensasjonshandsaming sjå sjå kap. 3.2.

NATURAREAL

Naturareal skal skjøttast på ein slik måte at det hindrer gjengroing og at bygningar og tekniske anlegg ikkje blir skada. Enkelte område skal ikkje snauhoggast men behalde ei viss mengde trevegetasjon.

Plassar og vegar

Plassane og vegane som i dag i størst grad er brukt til trafikkareal og parkeringsareal for persontrafikk har tidlegare vore ein del av industriens lagringsplass eller transport for industriens varer og ressursar. Karakteren og preget på desse er i dag svært forandra frå korleis det var når industriverksemdene heldt til her. Det er viktig å behalde plassar i størst mogleg grad gruslagde slik dei har vore. Kantmarkering har det ikkje vore tradisjon for utanom ved administrasjonsbygningen mot elva og fram til Tinfos 2 som har hatt brukte slipesteinar frå papiersliperiet som kantmarkering allereie frå starten.

VEGAR

Skilje mellom veg og vegetasjon bør i minst mogleg grad markerast med kantstein eller moderne installasjonar. Tidlegare var det stabbesteinar som skilte vegbana frå naturområdet eller skrentar.

TIDSTYPISKE HAGAR

I dag kan ein tydelig sjå kva hagar som er etablert på 1920-talet og kva hagar som er etablert på 1950-talet. Desse tidstypiske hagane må fortsatt være tydelege i forhold til kva periode dei stammer frå i den vidare utviklinga. Dette kan gjerast ved å tydeleggjere hovudstruktur og strukturdannande element.

STRUKTUR I HAGEN OG TIDSTYPISKE VEKSTAR

Dersom hagane skal behalde nok av sin autenticitet til å kunne være representative for perioden dei blei skapte i og gi rom for opplevinga av hagen slik den var, er det viktig å halde fast ved strukturen til hagen og dei strukturerande elementa. Strukturen i hagane vises i hagedøma, sjå vedlegg 8-12.

Dei viktigaste strukturdannande elementa som ein må ta omsyn til, er soner i hagen, adkomst, stiar, frukttre, hekkar, murar og dekke (plen, grus og skiferheller).

For enkelte periodar har det vore typisk å velje spesielle sortar planter og vekstar.

Ein bør velje tidstypiske vekstar dersom dei er fleirårige. Laukvekstar og eittårige vekstar kan ein i ein slik hage stå litt friare til å variere med.

SYRINER

Langs gjerder mot offentlege areal har det vore tradisjon for å plante syriner. Bustadane i byrjinga av Kanalveien og fram til direktørbustaden har hatt slik beplantning mot veggen. Dette preget bør søkast gjenskapt og oppretthalde. Det har også vore ein del syrinbeplantning i resten av området, både i Hyttebyen/Kanalbyen, O.H. Holtasgate og Tinnegata.

MIDLERTIDIGE INSTALLASJONAR OG LEIKEAPPARAT I HAGAR

I hagane er det ofte behov for å sette opp midlertidige installasjonar som leikeapparat og andre installasjonar knytt til fritidsaktivitetar. Slike midlertidige installasjonar kan tillatast dersom dei innordnar seg hagens opprinnelege struktur og ikkje blir dominerande i uttrykket.

STAKITTGJERDER

Opprinneleg var stakittgjerder i området smalare enn i dag. Eins gjerder har vore typiske for området og skapt det einheitlege preget. I dag er ein del gjerder fjerna og gjerdene som står igjen er erstatta av ein gjerdetype frå ca 1950 som er av breiare plank med skråskjært topp som vekselvist vender mot kvarandre. Skal det tilbakeførast til tidlegare type stakitt må det gjerast for alle eigedommane i eit område samtidig.

TREPORTAR

Tidlegare har det vore langt fleire staselege portar i området. Dei attværande portane i området er spesielt viktig å ta vare på. Mange av dei har i dag mista sin funksjon og forsvunne. Dei portane som er igjen gir området og dei ulike eigedomane karakter og har i fleire tilfeller individuelle uttrykk eller er representative for det einheitlege uttrykket som Tinfos har skapt.

NETTINGGJERDER MED PORTAR

Nettinggjerder med tilhøyrande stålportar er typiske for enkelte av eigedomane og var svært moderne når dei blei sett opp. Dei fleste portane har mønster utforma som grantre og dette er truleg spesielt valgt fordi det var den naturressursen som blei foredla ved papirfabrikken, sliperiet og ved sagbruket. Portane er spesielle og gir området særpreg.

STEINMURAR

Området har mange fine natursteinsmurar og rullesteinsmurar. Desse gir området særpreg og må takast vare på. Det er viktig å bruke rett sort mørtel og sørge for god forankring til underlaget når rullesteinsmurar skal restaurerast. Det er viktig å

bruke fagfolk med kompetanse på denne typen murar når dei høge murane skal vedlikehaldast eller utbetrast. Den høge rullesteinsmuren (frå 1910-1920) i O.H. Holtasgate nedanfor Kanalveien 2-10 er utsett for ekstrabelastningar ved trafikk som passerer. For å unngå unødig belastning på steinmuren bør trafikken i området regulerast på ein slik måte at O.H. Holtasgate ikkje blir brukt til gjennomgangstrafikk mellom Notodden sentrum og Tinnegata.

Rullesteinsmurane som grensar mot Tinnosbanen må handsamast slik at vegetasjon med omfattande rotsystem slik som lauvtre blir fjerna ein halv meter frå begge sider av muren. Vegetasjon med grunt rotsystem kan stå inntil muren utan å skape problem.

STABBESTEINAR

Det er originale stabbesteinar i området rundt tømmerrenna ved Kloumannsjøen. Slike stabbesteinar var vanlege også på Tinfos området. Dei opprinnelege stabbesteinane er viktige å ta vare på.

3.4 PÅLEGG OM SKJØTSEL, UTBETRING OG VEDLIKEHALD

Kml §§ 16: «Påbegynner eier eller bruker arbeid i strid med fredning eller gjør han skade på fredet byggverk eller anlegg, kan han pålegges å føre kulturminnet tilbake til tidligere stand innen rimelig frist. Det samme gjelder når noen andre gjør skade på fredet byggverk eller anlegg og eier eller bruker kjente til dette, uten å søke å forhindre skaden.

Etterkommes ikke pålegget, kan vedkommende myndighet la arbeidet utføre på eiers eller brukers bekostning. Kravet er tvangsgrunnlag for utlegg.»

Kml § 17: «Får vedkommende myndighet rede på at et fredet byggverk er i ferd med å forfalle av mangel på vedlikehold, kan byggverket undersøkes. Er det fare for at det forfaller, kan - med samtykke av departementet - eieren eller

brukeren innen en rimelig frist bli pålagt å gjennomføre tiltak for å motvirke dette. Følges ikke pålegget får § 16 tilsvarende anvendelse, om ikke eier eller bruker påviser at han ikke makter istandsettingen av økonomiske grunner.

Departementet kan gi eier eller bruker tilskudd til vedlikehold, eller til endringer godkjent av vedkommende myndighet etter loven her.»

Kml § 18: «Blir fredet byggverk m.v. skadet ved brann eller annen ulykke, skal eier eller bruker melde fra til vedkommende myndighet så snart som mulig. Denne avgjør innen 6 uker om kulturminnet skal istandsettes eller gjenreises. Fristen kan forlenges av departementet.

Er byggverket forsikret og selskapet er underrettet om fredningen, plikter det å melde fra til vedkommende myndighet når forsikringsstilfellet er inntrådt. Denne kan bestemme at selskapet ikke skal utbetale forsikringssummen før saken er avgjort etter første ledd.»

Kml § 21: «I områder som er fredet med hjemmel i §§ 19 og 20 kan vedkommende myndighet gjennomføre skjøtsel som anses naudsynt av hensyn til formålet med fredningen. Slik skjøtsel kan være vedlikehold av det fredete området, herunder rydding og pleie av vegetasjon og andre tiltak for å verne kulturmiljøet m.v.

Eier eller bruker må varsles før skjøtsel etter første ledd iverksettes.»

Etter § 16 i kml kan eigar eller brukar bli pålagt å utbetre skader eller omgjere arbeid utført i strid med fredinga. Dersom pålegg ikkje blir følgt opp kan forvaltningsstyresmakta la arbeidet bli utført på eigar eller brukar si bekostning.

Etter § 17 i kml har eigar plikt til å vedlikehalde bygg eller anlegg og kan bli pålagt å gjennomføre tiltak for å motvirke forfall.

Etter § 18 i kml har eigar plikt til å informere forvaltninga om brann og anna ulykke. Forvaltninga skal avgjere om kulturminnet skal setjast i stand etterpå.

Etter § 21: Dersom eigar ikkje skjøttar kulturminnet eller kulturmiljøet slik intensjonen er, kan styresmakta kome med pålegg. Dersom pålegget ikkje blir følgt opp, kan forvaltningsstyresmakta la arbeida utførast for eigars rekning.

Desse paragrafane kan nyttast dersom kulturminne og dei verdiane som skal sikrast er trua i hht. fredingsformålet.

Først vil forvaltningsstyresmakta ta opp dette med eigar og/eller heimelshavar. Gjennom denne kontakta bør det leggjast til rette for at eigar sin måte å ta vare på kulturminnet blir endra slik at formålet med fredinga blir ivaretatt. Dersom forvaltningsstyresmakta ikkje når fram overfor eigar kan forvaltningsstyresmakta sjølv iverksette skjøtseltiltak. I slike høve skal varsel om skjøtseltiltak sendast eigar/rettighetshavar i rimeleg tid før dei blir iverksett.

Det er eit mål for forvaltninga å løyse eventuelle tvistar i forkant slik at ein ikkje treng å nytte desse sanksjonsparagrafane. I første omgang vil kulturvernstyresmakta informere og veilede eigar. Dersom dette ikkje føre fram vil kulturvernstyresmakta fatte eit vedtak om pålegg som blir sendt til eigar. Dersom dette ikkje blir etterkomme vil kulturvernstyresmakta kunne iverksettje tiltak etter at varsel om dette er sendt til eigar.

Vedtak etter §§ 16, 17, 18 og 21 skal avgjerast av fylkeskommunen med Riksantikvaren som klageinstans.

3.5 TILTAK

Planar skal utarbeidast i samarbeide med antikvarisk myndigheit. Når det er utarbeida planar som forslått vil sakshandsaming knytt til desse områda forenklast. Det kan søkast støtte for å utarbeide slike planar.

- Det bør utarbeidast vedlikehaldsplanar for industribygga i området.
- Det bør utarbeidast ein vedlikehaldsplan for eksteriøra og interiøra i Tinfos 2 med ventilhus. I planen bør det være beskriving av material, fargesetting og metodar for framtidig vedlikehald.

- Det bør utarbeidast vedlikehaldsplanar for bygningane i Kanalbyen med skildring av materialval, materialkvalitetar, fargar og metodar.
- Det bør utarbeidast einskapleg utomhusplan for gjerder, belegningstein, trapper, gelender, tilkomstparti og einskapleg formgivingsmal for avfallshandtering, sandkasser o.l. for Kanalbyen burettslag.
- For tømmerrenna med tilhøyrande anlegg bør det utarbeidast ein vedlikehaldsplan med beskriving av materialkvalitetar, materialval og metodar for utbetring.
- For tømmerrenna med tilhøyrande anlegg bør det utarbeidast ein skjøtselplan med beskriving av årlige oppryddingstiltak både i tømmerrenna og område rundt tømmerrenna.
- Det bør utarbeidast skjøtselplanar for utomhusareala som er offentlege eller i Tinfos eller Hydro sitt eige. I samband med dette bør det samtidig utarbeidast plan for bruk av løypemaskin om vinteren, og andre motoriserte reiskap for skjøtsel og vedlikehald av området.
- Det bør utarbeidast ein fargeplan på bakgrunn av fargeanalyse og/eller historisk dokumentasjon for alle bustadane i Tinnesgata, O.H. Holtasgate, Kanalveien og Lienveien. For Kanalbyen er det ikkje naudsynt med fargeanalyse, berre ein fargeplan.
- Det bør utarbeide ein skiltplan.
- Det bør etablerast kontakt med eit lokalt sagbruk som kan skaffe tilveie materialar med kvalitetar slik dei var opprinneleg i kulturmiljøet.
- Det bør lagast ein oversikt over handverkarar i området som har kompetanse på antikvarisk vedlikehald.
- Det bør leggjast opp ein strategi for å få etablert og vidareutvikla tilstrekkelig med handverkskompetanse og anna fagkompetanse som er naudsynt for å ivareta kulturmiljøet i nærområdet.

3.6 DISPENSASJON

Under dette kapittelet er dispensasjonsbestemmelsene frå forskrifta utdjupa.

Forskrifta § 7: Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad i særlege tilfelle gi tillating for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturmiljøet jfr. kml. § 20 tredje ledd, jfr. kml §§ 15a og 19, og som er i samsvar med formålet med fredinga jfr. § 2.

Det kan gis dispensasjon for særskilte mindre vesentlege tiltak. Med mindre vesentlege tiltak meines her, vesentleg i forhold til om tiltaket strid imot formålet med fredinga. Det skal også takast høgde for at summen av fleire mindre vesentlege tiltak kan medverke til at desse i sum i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga. Vidare skal det føreligge særlege grunnar for å gi dispensasjon. I søknad om dispensasjon skal difor tiltakshavar (eigar, rettighetshavar m.v.) beskrive tiltakets art og omfang, kva nytteverdi tiltakshavar vil få og kva særlege grunnar som ligg til grunn for søknaden.

Forskrifta § 7 – 1: Det kan søkast dispensasjon for tilbakeføring av kulturminne eller landskap til dokumentert tidligare tilstand, eller tiltak som kan forbetre miljøet i samsvar med den karakteren det historisk sett har hatt.

Dersom det kan tillatast endring eller tilbakeføring til noko som er i samsvar med den karakter kulturminnet historisk sett har hatt, er det viktig å sjå til at det ikkje utviklast ein tradisjon for å tilbakeføre kulturminnet til ein karakter det kunne ha hatt tidlegare i så stor utstrekning at kulturminnet mister sin autentiske differensiering i detaljar og uttrykk.

Forskrifta § 7 – 2: Det kan søkast dispensasjon for ny tilkomst for og tilpasning av bustadar og offentlege bygg for universell utforming.

Bustadar der bebuarar får behov for tilpasningar i samband med funksjonshemmingar vil kunne godkjennast. Det er imidlertid ikkje sjølvsagt at

ein privat bustad kan kjøpast under føresetnad av at den skal kunne tilpassast universell utforming. For offentlege bygg og arbeidsplassar vil det kunne gis dispensasjon for å tilpasse tilkomsten til krav om universell utforming. Dei bygningane som er interiørfreda etter kml § 15 vil også kunne byggast om innvendig for å tilfredstille krav om universell utforming dersom eigar eller tilsett får behov for dette. Dette betyr at det for nye eigarar ikkje er sjølvsagt at det gis dispensasjon etter denne bestemmelsen dersom den funksjonshemma frivillig går inn i eit eigarskap eller buforhold innanfor området med kulturmiljøfreding der universell utforming ikkje er tilrettelagt.

Forskrifta § 7 – 3: Det kan søkast dispensasjon for nye anlegg for permanent kraftproduksjon i vernesone B.

Dersom det over tid viser seg at det kan være ønske om å utvide kraftproduksjonen eller ny kunnskap og metodar medfører at kraft ønskes produsert på ein slik måte at det er behov for nye bygg og anlegg i området kan dette tillatast under føresetnad av at kulturmiljøet ikkje i vesentleg grad forringes eller at dei nye tiltaka strid imot formålet med fredinga.

Forskrifta § 7 – 4: Det kan søkast dispensasjon for tiltak som inneber nybygg, nye installasjonar og nye anlegg i samband med krav i revurderingsrapport for tryggleiken ved kraftverksanlegga.

Det blir i regelen utarbeida revurderingsrapportar for kraftanlegga kvart 10.-15. år. Rapportane vil vurdere og stille krav til tryggleiken ved kraftanlegga i forhold til vannressurslova og lov om elektriske anlegg og elektrisk utstyr. Det kan i samband med desse stillast krav til at det blir gjort tiltak for å imøtekomme krav til tryggleiken. Dersom slike tiltak medfører inngrep i kulturmiljøet eller interiør innafor kulturmiljøet som er freda etter kml § 15 skal det søkast dispensasjon for tiltaket. Det kan her være snakk om omfattande byggverk og anlegg, men dei skal likevel ikkje i vesentleg grad stride imot formålet med fredinga. Val av løysing skal gjerast i samarbeide

med kulturminneforvaltninga og tilpassast kulturminne og kulturmiljø. Sjå også § 6a nr 4 i forskrifta. Når det gjeld militære operasjonar og nødsituasjonar sjå forskrifta § 6a nr 5.

Forskrifta § 7 – 5: Det kan søkast dispensasjon for midlertidig senking og/eller tørrlegging av Sagafossdammen og/eller Holtakanal. Sagafossdammen og Holtakanal skal som regel ha vasspeilet slik det ligg der i dag. Dersom det på grunn av vedlikehald, utbetringar eller lignande er behov for å tørrlegge eller senke vasspeilet i Holtakanal eller Sagafossdammen kan dette tillatast for ei kortare periode. Det er då viktig å ta omsyn til restar av kanalfyllingar og anlegg som i dag ligg under vatn og som kan risikere å bli skada ved ei tørrlegging.

Forskrifta § 7 – 6: Det kan søkast dispensasjon for midlertidige installasjonar som skal stå utover 1 år i samband med kraftproduksjon, vedlikehald og midlertidig sikringsarbeid.

Slike installasjonar kan være installasjonar som prøver ut nye kraftproduksjonsmetodar som ikkje skal være permanente, men som likevel skal stå i meir enn 1 år.

Forskrifta § 7 – 7: Det kan søkast dispensasjon for å iverksetje nye sikringstiltak for tømmerrenna som ikkje i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga.

Dersom det er behov for å sikre tømmerrenna med nye sikringstiltak, kan det søkast om dispensasjon for slike sikringstiltak.

Forskrifta § 7 – 8: Det kan søkast dispensasjon for organiserte kulturelle og/eller sportslige arrangement m.m. som nyttar større areal enn det areal slik aktivitet er tilrettelagt for, ved fredingstidspunktet.

Myrens dam, Telemarksgalleriet og Kanalgalleriet har i periodar kulturelle arrangement. Det er eit idrettsanlegg innanfor området. Det vil ikkje være naudsynt å søke om dispensasjon dersom arrangementet blir helde innanfor desse områda. Om vin-

teren blir det køyrt opp skiløyper i området som heller ikkje krev søknad om dispensasjon. Dersom det er behov for bruk av område utover desse til større arrangement skal det søkast dispensasjon for dette for eventuelt å avklare korleis slike kan avviklast utan at dette strid imot formålet med fredinga. Større arrangement kan innebære til dømes skilting og tilrettelegging som grip inn i kulturmiljøet, det skal då tas omsyn til kulturminnet. Tømmerrenna vil kan hende få annan aktivitet i framtida av midlertidig eller permanent art.

Forskrifta § 7 – 9: Det kan søkast dispensasjon for å sette opp eller tilbakeføre gjerder etter søknad om dispensasjon til dokumentert tidlegare utføring.

Sjå kapittel 3.2

Forskrifta § 7 – 10: Det kan søkast dispensasjon for planting av vintergrøne planter i store mengder, hekker m.m.

Sjå kapittel 3.2

Forskrifta § 7 – 11: Det kan søkast dispensasjon for fjerning av strukturdannande buskar og trær i hagane.

Sjå kapittel 3.2

Forskrifta § 7 – 12: Det kan søkast dispensasjon for tilplanting av uteareal som elles har viltveksande vegetasjon eller er graskledd.

Sjå kapittel 3.2

Forskrifta § 7 – 13: Det kan søkast dispensasjon for endring av standard eller karakter av gater, vegar og stiar.

Sjå kapittel 3.2

Forskrifta § 7 – 14: Det kan søkast dispensasjon for å iverksette ny næringsverksemd som endrar kulturmiljøet i mindre vesentleg grad.

Det kan dispenserast for etablering av ny næringsverksemd dersom tiltak ikkje strid imot formålet med fredinga i vesentleg grad. Dette kan bl.a. bety at diskret skilting eventuelt kan tillatast

til erstatning for skilt på tidlegare verksemd, eller små justeringar av inngangsparti.

Forskrifta § 7 –15: Det kan søkast dispensasjon for å foreta mindre gravearbeid, drenering, endring av terrengnivå, utvendig støy-ping, uttak og oppfylling av masse, mindre utviding av parkeringsplassar, mindre utviding av veg for biltrafikk eller for gåande, mindre endring av gatebelegg eller dekke uavhengig av materiale. Mindre endring av terrasser i landskapet, flater, skjæringar, elvebredder og endringar av landskapet elles.

Ved tiltak som nemnt i denne paragrafen skal ikkje tiltaket i seg sjølv stride imot formålet med fredinga i vesentleg grad. Det skal også takast høgde for at summen av fleire mindre vesentlege tiltak kan medverke til at desse i sum i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga.

Forskrifta § 7 –16: Det kan søkast dispensasjon for etablering av fjernvarmeanlegg, drenering eller anna form for tørrlegging.

Forskrifta § 7 –17: Det kan søkast dispensasjon for å sette opp skilt- og reklameinstallasjonar.

Dersom det av sikkerhetsmessige grunner eller av andre grunner ønskes satt opp skilt og eller eventuelt reklameinstallasjonar skal dette ikkje være i strid med fredingsformålet i vesentleg grad. Det må også føreligge særskilte grunnar for at slik dispensasjon skal gis. Dersom det blir laga ein skiltplan som er godkjent av kulturvernstyresmakta vil det ikkje være naudsynt å søke om dispensasjon for oppsetting av skilt som er i tråd med denne skiltplanen.

Forskrifta § 7 –19: Det kan søkast dispensasjon for oppføring av nybygg etter brann.

I enkelte høve vil det kunne oppførast nybygg etter brann. For vernesonene A vil dette berre tilatast dersom det er kopiar av det som er brent. For vernesone B vil det i hovudsak gjelde kopiar av det som er brent. For vernesone C vil det kunne oppførast nybygg etter brann som er i tråd

med § 6 c i forskrifta.

Forskrifta § 7 –20: Det kan for vernesone C søkast dispensasjon for vesentlege fasadeendringar og endringar av bygg og anlegg sin storleik og utforming og som ikkje er i samsvar med § 6c.

Dersom det er eit ønske om å endre fasade og uttrykk til hus i Vernesone C skal dette kunne tilatast dersom det ikkje strid imot formålet med fredinga og endringa er tilpassa det heilskaplege kulturmiljøet.

Forskrifta § 7 –21: Det kan søkast dispensasjon for midlertidige installasjonar i hagar og uteareal som krev fundamentering.

Midlertidige installasjonar kan i nokon grad tilatast dersom det ikkje i vesentleg grad strid i mot formålet med fredinga. Det skal takast høgde for at summen av fleire mindre vesentlege tiltak kan medverke til at desse i sum i vesentleg grad strid imot formålet med fredinga. Fundamenteringa skal ikkje i vesentleg grad endre strukturen i hagen.

Klagerett

Dersom dispensasjonssøknad ikkje blir imøtegått av fylkeskommunen har eigar 3 vekers klagerett etter at vedtaket er motteke. Sjå kap. 5.2.5 nedanfor om klagerett.

3.7 DOKUMENTASJON

Forskrifta § 12: Ved endringar av bygg, anlegg, hagar, uteareal og interiør freda etter § 15, skal regional kulturminneforvaltning kontaktast for eventuell dispensasjonssøknad, vegleiing og godkjenning av dokumentasjon før tiltak blir iverksett. Dokumentasjonen skal arkiverast hos fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Ved endringar er det viktig at desse blir dokumentert for å kunne spore endringane som skjer over tid. Berre på den måten vil det være mogleg å ta vare på- og forstå dei verdiane som ligg i kul-

turminnet over ein lengre tidshorisont. Difor er det viktig at eigarar og forvaltninga samarbeider godt om å få fram denne dokumentasjonen. Dette blir gjort både gjennom dispensasjonshandsaminga og i tilfeller der det etter forskrifta kan tilatast tiltak i samarbeide med forvaltninga med krav om dokumentasjon. Dersom originale bygningsdelar blir tillatt fjerna etter dispensasjonshandsaming kan det stillast krav om at original bygningsdel blir lagra.

Dokumentasjon skal innehalde opplysningar om objektet som kan identifisere det. Dokumentasjonen kan bestå av originaldelar, fotos, teikningar og beskriving av materialar og metodar for gjennomføring av tiltak. Dokumentasjonen kan bestå av fotos før og etter endring. Ved riving eller endring kan det være behov for ei nøyaktig og målsett oppteikning av førtilstand, ved enkelte høve kan dette være ei skissemessig oppteikning. Det kan være krav om å teikne og dokumentere planlagde tiltak på førehand. Dokumentasjonen skal gi innsikt i endringar over tid i kulturmiljøet og arkiverast hos fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Dersom ein ikkje kan unngå å skifte ut **originaldelar** kan det stillast som krav for dis-



Rosett i tak - persongalleri Tinfos 2

pensasjon at originaldel blir oppbevart som dokumentasjon. Merk delen med dato og kvar den har stått opprinneleg. Ved eventuell kopiering i framtida skal ein då gå tilbake til originaldelen å lage kopi av denne. Dersom ein byrjar å lage kopi av kopiar viser all praksis på området at ein fjernar seg frå originalen.



Original inngangport Kanalveien 29

4. TILSKOTSORDNINGAR

4.1 STATLEGE TILSKOT TIL FREDA KULTURMINNE

Etter kulturminnelova kan det gis tilskot til vedlikehald, skjøtsel og meirkostnadar ved dispensasjonsvilkår. Årleg blir det bevilga prosjekttilskot til sikring, vedlikehald og istandsetting av freda bygningar og anlegg. Ein mindre del kan også nyttast til prosjektering og prosjektleiing.

Kontakt Telemark fylkeskommune for søknadsskjema og ytterlegare informasjon, eller gå inn på www.telemark.no og finn vegleiing og skjema under menypunkt: Kulturminnevern

4.2 KULTURMINNEFONDET

www.kulturminnefondet.no



Funksjonærbustadar oppført ca 1920 i Kanalveien

5. ROLLER, ANSVAR OG SAKSGANG

5.1 ROLLER OG ANSVAR

5.1.1 Eigarar og rettighetshavarar

Eigarar og rettighetshavarar har det primære ansvaret for sine eigedommar. Så lenge eigar sin avgjerd er innanfor ramma av fredingsbestemmelsane og andre bestemmelsar har eigar full rett til å få arbeidet utført etter eige ønske, omfang, prioritering, rekkefølge osv. Dersom fleire eigarar ønskjer å gjennomføre tiltak som vil kunne få konsekvensar for det heilskaplege kulturmiljøet er det ein fordel å utarbeide ein samla plan for tiltaka. Det vil kunne gis økonomisk støtte til ein slik plan, jfr kap. 4.

5.1.2 Forvaltninga

Forskrifta § 15: Styresmakt

Forvaltningsstyresmakta etter denne forskrifta er lagt til Riksantikvaren eller den

Riksantikvaren gir fullmakt. For tida er det fylkeskommuna som har delegert denne fullmakta. Kart og fredingsbestemmelsar er arkivert i Notodden kommune, Telemark fylkeskommune, Riksantikvaren og Miljøverndepartementet.

NOTODDEN KOMMUNE

har ansvaret for plan- og byggesaker, saker som gjeld natur og friluftsliv i kommunen. For tiltak som skal godkjennast både etter fredingsforskrifta og plan- og bygningslova (pbl) er det eit mål at det er samråd mellom forvaltningsledda slik at vedtak fatta etter plan- og bygningslova blir mest mogleg i samsvar med vedtak etter fredingsforskrifta.

REGIONAL KULTURVERNSTYRESMAKT

Telemark fylkeskommune er forvaltningsstyresmakt for kulturmiljøfredinga. Fylkeskommunen fattar vedtak ved dispensasjonssøknader og stiller naudsynte krav til desse. Dersom det blir klaga på vedtaket gjort av fylkeskommunen kan fylkeskommunen imøtekome klagen. Dersom fylkeskommunen ikkje imøtekjem heile klagen skal denne oversendast til Riksantikvaren, med fylkeskommunen sin kommentar. Riksantikvaren vil då avgjere klagen.

Ved søknad om kulturminnetilskot til reparasjon, vedlikehald og skjøtsel m.m. er det fylkeskommunen som avgjer om tiltaket skal få tilskot og storleiken på tilskotet.

RIKSANTIKVAREN

har eit generelt vegleiingsansvar overfor eigarar og forvaltninga. Det er Telemark fylkeskommune som er delegert fullmakt som forvaltningstyresmakt. Riksantikvaren skal avgjere innkomne klagesaker etter kulturminnelova, men det er fylkeskommuna som først skal motta klagen.

MILJØVERNDEPARTEMENTET

I nokre tilfeller vil ei klage ikkje kunne avgjerast av Riksantikvaren, då vil Miljøverndepartementet avgjere klagen.

5.2 SAKSFØREBUING OG SAKSGANG

5.2.1 Samordna kommunal-, regional- og statleg saksgang

For å få ein best mogleg samordning av kommunens handsaming etter plan- og bygningslova (pbl) og fylkeskommunens handsaming etter kulturminnelova (kml) og fredingsforskrifta, bør ein ha følgjande saksgang:

- Tiltakshavar kontaktar kommunen og drøftar kva som ønskes utført av arbeid og kva søknaden skal innehalde for at saka skal bli tilstrekkelig opplyst.
- Kommunen sørger for at saka er tilstrekkelig opplyst før eventuell søknad oversendes til fylkeskommunen, med opplysningar om heimel etter pbl som berøres. Tiltakshavar får gjenpart.
- Fylkeskommunen handsamar saka i samsvar med fredingsforskrifta og dreg eventuelt på synfaring. Dersom saka er unntatt søknads- og meldeplikt etter pbl sendes svaret direkte til tiltakshavar med gjenpart til kommunen og Riksantikvaren. Dersom tiltaket er søknads- og meldepliktig etter pbl sendast svaret direkte til kommunen med gjenpart til tiltakshavar og Riksantikvaren. I alle tilfeller skal søkaren få opplysningar om klageadgangen.
- Kommunen fattar vedtak etter pbl der dette er naudsynt og sender svaret til tiltakshavar med gjenpart til fylkeskommunen.
- Alternativt kan tiltakshavar kontakte fylkeskommunen og drøfte kva som bør og kan utførast av arbeid, og om det må søkast dispensasjon for tiltaket.

5.2.2. Kva ein søknad til fylkeskommunen må innehalde

- Namn på eigar
- Namn på eigedom/tiltak
- Gårds og bruksnummer
- Kart som viser kvar eigedom er plassert i kommunen og fylket.
- Fotos av bygningen/anlegget/hagen som det planleggast tiltak på før tiltak iverksettast
- Teikningar eller illustrasjonar over planlagde tiltak
- Beskriving av planlagde tiltak
- Kulturvernstyresmakta kan krevje ytterligare opplysningar for å få saka tilstrekkelig opplyst.

5.2.3 Tidsfristar

For søknadar som krev dispensasjon frå fredingsforskrifta har forvaltningsstyresmakta ein frist på 3 veker med å gi (ev. førebels) svar. Dersom saka også krev byggesakshandsaming i kommunen etter pbl, er kommunen sin normale svarfrist 3 veker for meldingssaker, 3 veker for «enkle tiltak» etter pbl § 93 og 12 veker på full søknad etter pbl § 93. Kommunen skal opplyse søkarar om at det vil ta lengre tid når kommunens vedtak skal samordnast med vedtak etter fredingsforskrifta.

5.2.4 Saksgang ved vedtak etter kulturminnelovas sanksjonsparagrafar; §§ 16, 17, 18 og 21

Det er eit mål for forvaltninga å løyse eventuelle tvistar i forkant slik at ein ikkje treng å nytte desse sanksjonsparagrafane. I første omgang vil kulturvernstyresmakta informere og veilede eigar. Dersom dette ikkje føre fram vil kulturvernstyresmakta fatte eit vedtak om pålegg som blir sendt til eigar. Dersom dette ikkje blir etterkome vil kulturvernstyresmakta kunne iverksette tiltak etter at varsel om dette er sendt til eigar.

Vedtak etter §§ 16, 17, 18 og 21 skal avgjerast av fylkeskommunen med Riksantikvaren som klageinstans.

5.2.5 Klagesakshandsaming

Ein har rett til å klage på vedtak fatta av fylkeskommunen. Klager på vedtak gjort av fylkeskommunen med heimel i fredingsforskrifta skal stilast til Riksantikvaren, men sendast til Telemark fyl-

keskommune. Dersom fylkeskommunen meiner at heile klaga kan takast til følge, kan fylkeskommunen omgjere det påklaga vedtaket. Dersom fylkeskommunen ikkje, eller berre delvis kan ta klagen til følge, skal saka sendast til Riksantikvaren med vurdering av dei forhold som blir tatt opp i klaga. På denne bakgrunnen skal Riksantikvaren avgjere heile klagesaka. Riksantikvaren handsamar klaga og sender svar til fylkeskommuna med kopi til eigar/klagar. Ei klagesak kan ta fleire månadar å handsame.

LITTERATURLISTE

Industri og kraft

Drivkraft i 100 år

Tinfos Papirfabrik 1894 – 1994

Hallgrim Høydal

Kulturminner i norsk kraftproduksjon

Norges vassdrags- og energidirektorat 2006,
div. forfattere

Litteratur om tømmerrenna

Skogbruk i Lisleherad

Lisleherad skogeierlag 1900 – 1960

v/ Sv. O. Flaaten og S.A. Landsverk.

Tinfos Papirfabrik

50 års beretning 1894 – 1944

Fløting og trelasthandel

Drammensvassdragets fellesfløtingsforening

1807 – 1957 v/ Sigfried L. Lier

Skienvassdragets fellesfløtingsforening

1862 – 1912

50-års jubileumsbok

Norsk fløtnings historie 1860 inntil 1943

utgitt av Aschehoug & Co.

I 1945 v/ Ragnvald Bødtker

Fløtning i Telemark gjennom 300 år

utgitt i 1963 av Skienvassdragets

Fellesfløtningsforening v/ Einar Østvedt

Faglitteratur kulturminne og kulturminnevern

Gamle trehus, historikk, reparasjon og vedlikehold

Universitetsforlaget

Tore Drange, Hans O. Aanensen, Jon Brønne

Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner

Riksantikvaren 1994

Kulturminnevern bind 1 og 2

Økokrim v/ Jørn Holme

Gode råd om Gamle hager

Fortidsminneforeningen

Ta vare på plantene

Knut Langeland og Åsmund Asdal

Gjennom hageporten

Landbruksforlaget

Elin Conradi, Mette Eggen, Madeleine von

Essen, Knut Langeland

Stauder i norske hager

Landbruksforlaget

Knut Langeland

UTRYKTE VEDLEGG

Desse kan du få ved å vende deg til fylkeskommunen eller finnes på internett:
www.telemark-fk.no/ – under menypunkt Kulturminnevern og Tinfos

Vedlegg A **Rapport om hagar og uteareal**

Vedlegg C **Registreringsskjema for hagar og uteareal**

Vedlegg D **Registreringsskjema for bygg og tekniske anlegg**

Vedlegg E **Registreringsskjema for tømmerrenna**

Vedlegg F **Tilstandsrapport med kart over tømmerrenna, pr. september 2004**

Vedlegg G **Rapport om fremtidig vedlikehold av tømmerrenna datert 15. mai 1990**

Vedlegg H **2 flyfoto Tinfos industriområde ca 1950**

Vedlegg I **Flyfoto x 2 store og 9 små over Tinfosområdet ca 1960**

